

Evig eig du det du tapar

Ei samanlikning av to nynorske gjendiktingar
av *Brand* (1866)

Ingrid Persson Ranes



NOR4091 – Masteroppgåve i nordisk,
Lektorprogrammet

Institutt for lingvistiske og nordiske studier

UNIVERSITETET I OSLO

Vår 2020

Evig eig du det du tapar

Ei samanlikning av to nynorske gjendiktingar av *Brand* (1866)

© Ingrid Persson Ranes

2020

Evig eig du det du tapar. Ei samanlikning av to nynorske gjendiktingar av *Brand* (1866)

Ingrid Persson Ranes

<http://www.duo.uio.no/>

Trykk: Reprosentralen, Universitetet i Oslo

Samandrag

Denne masteroppgåva handlar om to nynorske gjendiktingar av det dramatiske diktet *Brand* (1886), skrive av Henrik Ibsen. Desse gjendiktingane låg til grunn for to sceniske oppsetjingar av *Brand* på Det Norske Teatret, i 1973 og i 2015, og er gjendikta av høvesvis Bjørn Endreson og Edvard Hoem. I formålsparagrafen til Det Norske Teatret står det at alt dei set opp skal vere på norsk mål. For å kunne setje opp eit verk av Ibsen her, må ein skrive det om til nynorsk. Eg undersøker og samanliknar gjendiktingane nærare med utgangspunkt i omsetjingsteori og adaptasjonsteori. Eg har òg brukt teatermeldingar for å studere resepsjonen av oppsetjingane. Både overordna og konkrete skilnader mellom gjendiktingane blir løfta fram, og dei blir i hovuddelen av oppgåva sett i lys av tidlegare tolkingar av *Brand*. Første del av analysen er ei samanlikning av nokre utvalde scener, og ei kort utgreiing av både overordna og konkrete skilnader ein kan finne i desse scenene. Utdrag frå dei ulike scenene er lagt ved til slutt i oppgåva. Andre del av analysen handlar av summen av dei ulike endringane, og kva slags effekt og tolkingskonsekvensar dei har. Formålet med oppgåva er å sjå kor store endringar det er mellom desse to gjendiktingane, og kva slags effekt dei ulike endringane har. Ein analyse av gjendiktingane viser at Endreson og Hoem har valt ulike måtar å gjennomføre denne prosessen på, men at båe har bevart element frå originalen.

Forord

Det er mange eg må takke no som eg endeleg er ferdig med masteroppgåva mi. Først og fremst må eg takke rettleiaren min, Per Thomas Andersen. Du har lese utkast grundig, stilt kritiske spørsmål og hjelpt meg vidare når eg har stått fast. Tusen takk for god rettleiing og alle gode råd. Eg må òg få takke Det Norske Teatret, og da særleg tidlegare arkivar Heidi Lindstad. Utan hjelp herifrå hadde det nok ikkje vorte noko oppgåve. Takk for manuskripta og innsyn i gamle teatermeldingar. Ein stor takk til Marit Frydenlund som har lese korrektur!

Takk til Giuliano D'Amico og Thor Holt på Ibsensenteret for litteraturtips og andre gode råd undervegs i prosessen. Takk til Aasta Marie Bjorvand Bjørkøy som motiverte meg til å skrive om dette, og som fekk meg til å gå vidare med prosjektet da eg tenkte på å leggje det vekk. Og tusen takk til Hedvig og Kristian Winterhjelm's legat for tildeling av masterstipend.

Takk til far, mor og bror. Takk til alle vener som har gjort tida på lektorprogrammet så fin. Ein særleg stor takk til Brede, Siw og Kirstin. Og takk til gjengen på masterlesesalen – tida vi fekk saman var kort, men fin! Ein stor takk til Åmund for fem år med kaffipausar og fjas.

Og takk til Even. No skal vi endeleg prate om noko du er interessert i.

Innhald

1	Innleiing	1
1.1	Presentasjon av prosjekt og problemstilling.....	1
1.2	Metode.....	3
2	Teoretisk utgangspunkt	5
2.1	Omsetjingsteori	5
2.1.1	Overgangen til eit nytt skriftspråk.....	6
2.1.2	Omsetjing av poesi	7
2.1.3	Omsetjing av drama	8
2.2	Adaptasjonsteori.....	10
3	Analyse av enkelte scener	13
3.1	Første handling	13
3.1.1	Opningsscena	13
3.1.2	Møtet med Agnes og Einar.....	16
3.1.3	Brands andre monolog	17
3.1.4	«De Trolde tre» – introduksjon av Brands prosjekt	18
3.2	Fjerde handling.....	20
3.2.1	Agnes og Brand.....	21
3.2.2	Agnes' offer.....	22
3.2.3	Brands endelege val	25
3.3	Femte handling	28
3.3.1	«De usynliges kor» og «Skikkelsen»	29
3.3.2	Gerd og Kristus-identifikasjon	32
3.3.3	«Han er deus caritatis!»	34
4	Oppsummerande analyse.....	37
4.1	Språklege endringar.....	39
4.2	Naturmetaforane	41
4.3	Ordet.....	43
5	Konklusjon og avslutning.....	47
	Litteraturliste	49
	Vedlegg: Utdrag frå første handling.....	52
	Vedlegg: Utdrag frå fjerde handling	67

Vedlegg: Utdrag frå femte handling..... 85

1 Innleiing

1.1 Presentasjon av prosjekt og problemstilling

I 1866 ga Henrik Ibsen ut versedramaet *Brand*, og sidan da har ein lese og diskutert både verket og hovudpersonen. Dramaet handlar om presten Brand, som lever etter harde prinsipp, og krev at andre skal gjere det same. For Brand handlar det om «intet eller alt», og han ofrar både kone og barn. Han endar til slutt opp med «intet».

Brand har vorte gjendikta til fleire språk og vorte spelt i store deler av verda. Verka til Henrik Ibsen er i dag ein del av verdslitteraturen, sjølv om språket han skreiv på vart brukt og forstått av berre nokre millionar. For å kunne nå ut til resten av verda måtte dramaa hans bli omsette. Det er ikkje berre til store verdsspråk som engelsk, fransk og tysk at Ibsens verk har vorte omsett. Fleire av hans kjente drama har òg vorte skrive om til nynorsk, blant anna *Brand* og *Peer Gynt*. Heilt sidan 1866 har det vorte diskutert korleis ein skal lese *Brand*, og særleg har sluttscena vore eit tema for diskusjon og analyse. Korleis spelar ulike adaptasjonar av *Brand* inn på korleis vi ser på verket i sin heilskap?

Denne oppgåva tek føre seg to ulike oppsetjingar av *Brand* på Det Norske Teatret og gjendiktingane som låg til grunn for desse oppsetjingane. Sidan dei vart satt opp på Det Norske Teatret, måtte ein skrive om dramaet til nynorsk. Eit slikt omsetjingsarbeid krev at ein må ta mange ulike omsyn. Om ein først endrar på eit vers, må ein ofte endre på det som kjem etter, sidan *Brand* er skrive på rim og i ein bestemt rytme. Susan Bassnett (2015) skriv at ei direkte omsetjing av eit dikt fort kan bli mislukka. Ein må erfare diktet og finne ut kva som er kjernen i det. På den måten kan ein få fram tankane som ligg bak diktet (Bassnett 2015: 157-158). Inga-Stina Ewbank (1976) skriv at det kanskje er særleg vanskeleg å skulle omsetje Ibsens verk. Kvant drama

(...) has its own characteristic language and therefore presents its own peculiar problems to the translator. The verse plays, naturally, have their problems: basic decisions have to be taken about metre, rhyme, etc., and an overall matrix has to be found for the language. (Ewbank 1976: 46)

I 1973 vart *Brand* for første gong satt opp på Det Norske Teatret, og den første gjendiktinga til nynorsk stod regissør Bjørn Endreson for. Denne oppsetjinga var «krevende, men også fascinerende» (Hyldig 2010: 52). I 2015 vart *Brand* satt opp på Det Norske Teatret på nytt, i

ei ny gjendikting av Edvard Hoem, med Kjetil Bang-Hansen som regissør. *Brand* har berre vorte satt opp på Det Norske Teatret desse to gongane, men det finst likevel to nynorske gjendiktingar av verket. Til samanlikning har *Peer Gynt* vorte sett opp fem gonger på Det Norske Teatret, men det finst berre to gjendiktingar.

Motstanden mot dei første gjendiktingane og omsetjingane av Ibsens verk til nynorsk var stor. Det verste hadde gitt seg til starten av 1970-talet, men framleis kunne ein sjå nokre som ytra seg negativt om dette. I februar 1973 skreiv Fredrik Norman eit innlegg i *Aftenposten* om den komande oppsetjinga av *Brand*:

(...) for teatersjef Skagestad er det særlig betydningsfullt å kunne benytte selve mesterverkene i riksmålsdramatikken til å drive propaganda for nynorsken. «Brand» er det åttende av Ibsens skuespill som hr. Skagestad fremfører i en sprogform som må betegnes som en forfalskning av dikterens uttrykksmåte. (...) Et dramatisk dikterverks verdier beror ikke alene på dets tanker og innhold, men også på dets sprogtoner. Fremfor alt gjelder dette Henrik Ibsen som i sterkere grad enn noen annen norsk dramatiker har lagt vekt på sprogets oppbygging og utmeisling – i den hensikt å la sprogtonen belyse dikterverkets innhold og våre fulltonende instrumenter for dets stemning. (...) Hele folket har krav på at en «Brand»-forestilling på en norsk scene lar dikteren få tale til sine landsmenn med de ord han selv har valgt. (Norman 1973: 5)

For Norman var det å skulle skrive om Ibsen til nynorsk einstydinge med å drive med både propaganda og forfalsking. Han meinte at det ikkje var noko poeng i å skrive om Ibsen til nynorsk, sidan alle i publikum allereie forsto kva han hadde skrive. Rundt same tid, hadde ein anonym person skrive ein kritisk kommentar i *Morgenbladet* om denne oppsetjinga. Kritikken gjekk ut på at «En oversettelse av «Brand» (...) vil nødvendigvis være problematisk og innebære et tap av viktige nyanser og stilelementer» (I *Morgenbladet*, 23.02.1973, s. 2). Men er det «nødvendigvis» slik? Kan ikkje slike språklege endringar føre noko godt med seg? For meg er det nettopp dette som gjer det det interessant å sjå nærare på dei nynorske gjendiktingane av Ibsens drama. Har denne eigentleg kritikken noko føre seg, eller er det berre misnøye mot slike endringar av Ibsens verk?

Mykje har vorte skrive og sagt om *Brand* sidan 1866, og Erik Bjerck Hagen (2010) skriv at *Brand* har den rikaste resepsjonshistoria i norsk litteratur (Hagen 2010: 8). Dei nynorske gjendiktingane av *Brand* har ikkje vorte undersøkt tidlegare, og dei har heller ikkje vorte samanlikna. Dei er ein del av resepsjonshistoria til *Brand*, og fortener å bli undersøkt nærare. Gjendiktingane har nokre tydelege skilnader, både mellom original og gjendikting, men òg mellom dei to gjendiktingane. Desse skilnadene ønskjer eg å belyse i denne oppgåva. For er det verkeleg så store endringar frå original til nynorske gjendiktingar at ein kan påstå at

det er problematisk, eller at dette er ei forfalsking av det originale verket? Problemstillinga i denne oppgåva blir difor: Kor store skilnader er det mellom dei to nynorske gjendiktingane av *Brand*, og kva slags effekt har dei ulike endringane? I undersøkinga av dette er det fleire spørsmål som blir sentrale. Eg vil blant anna fokusere på kva som har vorte vektlagt i arbeidet med å skrive dei om til nynorsk, om dei har klart å finne «an overall matrix (...) for the language (Ewbank 1976: 46) i sine gjendiktingar, og om det finst nokon samanheng i kva som har vorte endra i dei ulike gjendiktingane.

1.2 Metode

Utgangspunktet for oppgåva er ulike scener frå to manuskript av *Brand*. Eg har fått låne desse manuskripta frå Det Norske Teatret. Oppgåva blir ein komparativ studie av eit enkeltverk med fokus på relevant adaptasjons- og omsetjingsteori. Dei ulike endringane i gjendiktingane blir sett i lys av tidlegare tolkingar av dette verket. Eg kjem til å trekkje fram sjølv oppsetjingane i den oppsummerande analysen, for å vise korleis nokre av endringane vart gjennomførte, men elles er det gjendiktingane som er i sentrum av oppgåva og analysen. Eg har ikkje fått sett oppsetjingane sjølv, og eg har difor brukt teatermeldingar frå dei ulike oppsetjingane for å få innsikt i korleis dei løyste dei forskjellige scenene. Desse teatermeldingane har òg vore brukt for å studere resepsjonen av desse oppsetjingane. Manuskripta er allereie reviderte for scenisk bruk, men ein regissør kan gjere endringar heilt fram mot premieren om det viser seg å ikkje fungere som først tenkt. Teatermeldingane seier noko om sjølv resultatet og korleis dei to oppsetjingane av *Brand* vart mottekne av publikum og presse.

På framsida av manuskriptet frå 1973 står det: «regitekst av Bjørn Endreson». Endreson var regissøren bak denne oppsetjinga, og det var han som stod for den første gjendiktinga av *Brand*. På framsida manuskriptet frå 2015 står det «Omsett av Edvard Hoem. Bearbeiding [sic] av Kjetil Bang-Hansen». Hoem hadde gjendikta *Brand* til nynorsk, medan Bang-Hansen, som var regissør for oppsetjinga i 2015, arbeidde vidare med manuskriptet til sjølv førestillinga. Eg kjem til å referere til teksten og utdraga derifrå som «Hoem si gjendikting» i oppgåva, sidan eg ikkje veit korleis gjendiktinga såg ut før Bang-Hansen reviderte gjendiktinga. Vidare er det er Hoem som har stått for sjølv gjendiktinga av verket, og det blir difor feil å kalle det for Bang-Hansen si gjendikting, sjølv om han har revidert Hoem si gjendikting. Mot slutten av oppgåva, der sjølv oppsetjingane står meir i fokus, kjem eg likevel til å skrive noko om Bang-Hansen si rolle. Det er der dei reint sceniske løysingane

står i fokus, og dei er Bang-Hansen som er ansvarlege for. Det er ikkje mogleg med ei grundig samanlikning og ein inngåande analyse av båe gjendiktingane i sin heilskap, på grunn av omfanget for denne oppgåva. Eg har difor valt ut nokre scener, og eg har sjølv skrive ned replikkane frå dei to manuskripta. Utdraga som er gjenstand for analyse ligg som vedlegg sist i oppgåva, og det er anten ei heil scene eller nokre delar av ei scene som ligg til grunn for samanlikninga. Berre replikkar og kortare utdrag kjem til å bli sitert i sjølve oppgåva. Eg har valt å samanlikne gjendiktingane med førsteutgåva frå 1866, som eg har henta frå den digitale utgåva av Henrik Ibsens skrifter. Alle utdraga frå dei ulike scenene er utan scenskildringar, hovudsakeleg fordi det er dei gjendikta replikkane som skal vere i fokus i oppgåva. Dei to gjendikta manuskripta er og ganske ulike på dette punktet. Manuskriptet frå 1973 er utan scenskildringar, medan det står nokre scenskildringar i manuskriptet frå 2015, men ikkje like mange som i originalen. Samanlikningsgrunnlaget blir ikkje like tydeleg, som er grunnen til at eg har valt å utelate dei.

Endringar i eit litterært verk blir ofte referert til som ein del av edisjonsfilologien, men ifølge Aasta Bjørkøy og Ståle Dingstad er *Brand* og mange av dei andre dramaa til Ibsen rekna som uinteressante for dette fagfeltet. Det er fordi det ikkje er store skilnader mellom dei ulike utgåvene (Bjørkøy og Dingstad 2017: 137). For å få fram skilnader kan ein derimot sjå på ei oppsetjing og samanlikne det med opphavsteksten. På den måten kan ein «hente ut det som fremhever forskjellene» (Bjørkøy og Dingstad 2017: 166).

Om vi ser på det bokhistoriske, er Ibsens tekster relativt stabile. Men tekstene er samtidig del av en levende teaterkultur som forvaltes, og denne forvaltningen får tilbakevirkende kraft på våre lesninger av bøkene. Det som er interessant, er å studere forskjellene mellom bokutgavene og oppsetningene, for der ligger det et kritisk potensial. Da kan bokutgavene faktisk være et korrektiv som belyser hvilke friheter teatrene, regissørene og skuespillerne tar seg. I Ibsens tilfelle er det ikke hans egne revisjoner som er interessante, men spillerommet som åpner seg mellom bokutgavene og teateroppsetningene, inkludert strykningene og tilleggene oversetterne og regissørene tillater seg. (Bjørkøy og Dingstad 2017: 167)

Originalteksten kjem slik til å fungere som eit korrektiv som skal belyse kva for språklege skilnader ein kan sjå i dei nynorske gjendiktingane. Han kjem òg til fungere som eit korrektiv sidan ein tydeleg kan sjå kva som er kutta og lagt til, og kva slags effekt det får på verket som heilskap.

2 Teoretisk utgangspunkt

2.1 Omsetjingsteori

Omsetjingsteori er sentralt for analysen av desse manuskripta, sjølv om dei to tekstane som er utgangspunktet for samanlikninga heller bør kallast *gjendiktingar*, ikkje omsetjingar. Ei gjendikting skil seg frå ei omsetjing ved at denne prosessen handlar om «den språklige overføringen av hele verket, dvs. både form og innhold, og med originalens poetiske kvaliteter gjenskapt» (Lothe, Refsum og Solberg 2007: 78), ikkje berre ei overføring av meiningsinnhaldet frå eit språk til eit anna. Ein har ikkje eit omgrep som dekkjer akkurat det same som gjendikting på engelsk. Annjo K. Greenall (2015) skriv følgjande om dette særleg norske omgrepet:

In Norwegian there exist a synonym for translation, *gjendiktning*, which is not easily translatable into English. The most literal option is ‘re-poetization,’ broadly understood as ‘re-creation.’ The term is mostly used for the translation of poetry and songs. In these genres, linguistic form (e.g., rhyme and metre) is crucial for the identity and overall meaning of the text, and translators therefor often strive to preserve these aspects. The translation may thus drastically depart from the original on the semantic level. (Greenall 2015: 40)

Det blir difor meir korrekt å kalle dei gjendiktingar, sidan ein må ta så mange ulike omsyn i arbeidet med å skrive om dette verket til eit anna skriftspråk. Ei gjendikting kan vere ganske annleis enn originalen, men framleis vere ei fullverdig omsetjing av verket. Eg vil difor ta i bruk ulik omsetjingsteori for å undersøkje dei nynorske gjendiktingane av *Brand*, blant anna teori om omsetjing av poesi og drama. Eg kjem òg til å ta i bruk relevant adaptasjonsteori, samt teori som kombinerer omsetjings- og adaptasjonsteori.

I fagfeltet *translation studies* studerer ein korleis noko som har vorte skrive på eitt språk, har vorte flytta over i eit anna, og sjølv resultatet av denne prosessen. Medan det tidlegare var mest fokus på vurderinga av ei omsetjing som anten god eller dårleg basert på kor tru omsetjinga var mot originalen, har det no vorte eit større fokus på korleis ein kan sjå at originalen er til stades i den nye versjonen. Det har vorte meir fokus på at ei omsetjing er ei form for *rewriting* av det opphavsverket, at det dreier seg om ei omskriving heller enn ei direkte og bokstavtru omsetjing av originalen (Bassnett 2014: 3). Ei omsetjing blir slik «the manifestation of one reader’s interpretation of a text, the final product of a creative process that may involve many stages of rereading and rewriting» (Bassnett 2014: 106). Bassnett

skriv at om ein tenkjer på ei omsetjing som ei *rewriting* får ein eit større fokus på det kreative aspektet ved ei omsetjing (Bassnett 2014: 179). Dette har ført til at omsetjarar har fått auka status (Bassnett 2014: 3).

Omsetjing av ein tekst sørgjer slik for at den originale teksten kan overleve i fleire generasjonar, og bli spreidd i heile verda (Bassnett 2014: 13). Utan omsetjingar hadde ein ikkje hatt ein tydeleg verdslitteratur, og da hadde kanskje ikkje forfattarar og dramatikarar som Ibsen og Shakespeare vorte lest over heile verda i dag. Desse dramatikarane har vorte ein del av den kanoniserte verdslitteraturen gjennom omsetjing til andre språk. Omsetjing er viktig for etableringa av ein verdslitteratur (Venuti 2013: 208). Ibsens originale tekst er ikkje utilgjengeleg for nokon som skriv på nynorsk, så korleis skal ein definere arbeidet med å skrive om eit verk frå eit norsk skriftspråk og til eit anna? Og er det vanskelegare å skulle omsetje drama og poesi enn andre typar tekst?

2.1.1 Overgangen til eit nytt skriftspråk

Mykje av litteraturen om omsetjingar krinsar rundt overgangen frå eit språk til eit anna, som frå norsk til engelsk eller engelsk til tsjekkisk. Roman Jakobson (1992) skriv i artikkelen «On Linguistic Aspect of Translation» om tre ulike typar av omsetjing. Det er *intralingual*, *interlingual* og *intersemiotic* omsetjing. *Interlingual* omsetjing er når ein skal omsette eit verk til eit anna språk, medan *intralingual* omsetjing er når det skjer innanfor same språk. *Intersemiotic* omsetjing er «an interpretation of verbal signs by means of signs of nonverbal sign systems» (Jakobson 1992: 145). Susan Bassnett (2014) meiner at ei *intralingual* omsetjing er eit litt radikalt konsept, sidan Jakobson med det meiner at omsetjing ikkje berre treng å vere noko som skjer på tvers av språk, men òg noko som skjer innanfor eit lingvistisk system (Bassnett 2014: 7). Ei *interlingual* omsetjing, derimot, «involves the movement of text across linguistic frontiers» (Bassnett 2014: 7). Dette gjer seg hovudsakeleg gjeldande når ein skal omsetje eit verk til eit heilt anna språk, så korleis skal ein omtale denne prosessen når det dreier seg om ei gjendikting til nynorsk? Eg vil argumentere for at det er ei blanding mellom *interlingual* og *intralingual* omsetjing.

Ei språkleg modernisering kan reknast som *intralingual* omsetjing, sidan ein må tilpasse språket til nye generasjonar og lesarar, men det skjer framleis innanfor same lingvistiske system. Om ein skulle ha sett opp *Brand* på Nationaltheatret i dag hadde ein modernisert språket til ein viss grad, og samstundes truleg kutta ut fleire parti undervegs i teksten. *Brand* var opphaveleg tenkt som eit lesedrama, og ein fullstendig versjon av verket

hadde truleg vorte til ei lang teaterførestilling i dag. Ei *interlingual* omsetjing dreier seg kring det å endre teksten om til eit anna språk og overgangen til eit nytt språkleg system, noko som òg kan vere relevant her. Nynorsk og bokmål er to ulike skriftspråk, sjølv om begge to er del av det norske språket. Sjølv om desse skriftspråka er relativt like, har dei òg nokre idiomatiske skilnader, både semantisk og syntaktisk. Desse gjendiktingane kan difor vere eit døme på ei blanding mellom desse to ulike formene for omsetjing. Gjendiktingane og originalteksten tek plass innanfor eitt og same språk, men i to ulike skriftspråk som har lingvistiske og språklege skilnader. Sjølv om skriftspråka er relativt like, må ein framleis krysse nokre «linguistic frontiers» (Bassnett 2014: 7) i arbeidet med å skrive det om. Skilnadene mellom dei er likevel ikkje så store at ein ikkje kan rekne dette som ei *intralingual* omsetjing.

2.1.2 Omsetjing av poesi

Brand er eit dramatisk dikt, skrive i eit fast mønster med bestemte versemål og på rim. Ibsen veksla mellom jambisk og trokeisk firetaktar i *Brand* (Lervik 1969: 18). Det er på grunn av desse rammene at ein kan kalle dei to nynorske manuskripta for *gjendiktingar*, og ikkje for omsetjingar. Susan Bassnett (2015) skriv at i møte med eit dikt bør omsetjaren helst gjere seg opp nokre eigne erfaringar, gjere om på desse erfaringane, og finne ut kva som er kjernen i det aktuelle verket. Ho meiner at ei ordrett omsetjing av eit dikt er dømd til å mislukkast (Bassnett 2015: 157). Sidan lesing er kulturelt bestemt, og måten ein nærmar seg eit dikt på kan endre seg over tid, er det vanskeleg å vite kva som er best måte å gå fram på for å finne denne eventuelle kjernen (Bassnett 2015: 158). Ei direkte omsetjing, *word-for-word-translation*, kan i verste fall resultere i ein uforståeleg tekst. Ei omsetjing med meir fokus på å omsetje meininga bak verket, *sense-for-sense translation*, gir omsetjaren meir fridom, men kan samstundes få kritikk for å vere for unøyaktig (Bassnett 2014: 5).

I arbeidet med både ei omsetjing og ei gjendikting må ein ta ein mengde val. Dette kallar Refsum (2003) for eit «oversetterprosjekt», eit omgrep han har henta frå den franske teoretikaren Antoine Berman (Refsum 2003: 35). Dette prosjektet består av alle dei ulike prioriteringane ein må gjere undervegs i arbeidet, både i utval, presentasjon og sjølve omsetjingsarbeidet (Refsum 2003: 35). For å kunne få til det må ein ha inngåande kjennskap til originalen og ei forståing av den historiske konteksten verket vart skrive i. Slik får ein sett omsetjinga i ein større samanheng enn om ein berre ser på omsetjinga åleine. Dette «viser hvordan oversetteren ikke bare overfører en tekst, men også hvordan han *intervenerer*»

(Refsum 2003: 36) i verket. Vidare skriv Refsum at omsetjarar ofte er nøydd til å vere kreative på ein eller annan måte i møte med eit omsetjingsarbeid, men det er ikkje noko særleg fokus på den endelege omsetjinga som ein kreativ eller produktiv aktivitet (Refsum 2003: 33). Eit sentralt punkt i «oversetterprosjektet» bør handle om kor kreativ ein kan tillate seg å vere i møte med ein tekst. Kor mykje kan ein endre, fjerne og legge til? Dette blir sentrale punkt eg ønskjer å undersøkje vidare i analysen av Endreson og Hoem sine gjendiktingar av *Brand*. Kan ein lese eit overordna prosjekt ut av desse gjendiktingane?

2.1.3 Omsetjing av drama

Brand har vorte sett opp i mange ulike land sidan urpremieren i 1885. Er det stor skilnad på omsetjing av teatertekstar og andre type tekst? Omsetjing av teatertekstar har ikkje vore studert i like stor grad som andre typar omsetjing (Bassnett 2014: 153). Ein teatertekst skil seg frå både dikt og roman i kraft av å eksistere i eit «irreducibly dialectical relationship with its performance» (Bassnett 2014: 153). Omsetjing av teatertekstar er ein prosess som er basert på samarbeid mellom fleire aktørar, ganske ulikt andre former for omsetjing (Bassnett 2014: 155). Dei to nynorske gjendiktingane er gode døme på nettopp det. Bjørn Endreson var både regissør og ansvarleg for gjendiktinga i 1973, medan Kjetil Bang-Hansen, regissør i 2015, var ansvarleg for ei omarbeiding av teksten som Hoem hadde gjendikta til nynorsk. Ein annan sentral aktør i dette samarbeidet er Det Norsk Teatret, sidan ingen av desse gjendiktingane ville ha eksistert om det ikkje var for at dei skulle setjast opp der.

Eit problem knytt til omsetjing av drama er at i tillegg til dei vanlege utfordringane med omsetjing, som lingvistiske og kulturelle skilnader, må ein òg ta høgde for at teatertradisjonen ikkje er den same i dei ulike landa. Publikum kan ha eit sett med forventingar som kan variere frå land til land. I tillegg til dette skil drama seg frå både dikt og roman ved at det fulle potensialet i verket først blir til gjennom ei oppsetjing (Bassnett 2014: 154-155). Ein omsetjar av eit drama må difor vere «a reader and a rewriter, but also a spectator» (Bassnett 2014: 155). Dette hadde både Endreson og Hoem erfaring med før dette arbeidet, som høvesvis regissør og dramatikar.

Om eit drama skal bli spelt rundt om i verda, må det skrivast om til andre språk. Jiri Josek (2006) har skriva om omsetjing av teatertekstar, særleg omsetjing av Shakespeare til tsjekkisk. Dette kan overførast til å handle meir generelt om omsetjing av kjende dramatikarar og deira verk. Josek skriv at eit drama kan vere ei kompleks samansetjing av fleire grunnar, blant anna fordi desse tekstane har to balanserte nivå, som er det poetiske og det dramatiske.

Han skriv òg om korleis ein tidlegare har hatt eit nærast sakralt forhold til sjølve teksten og forfattaren, og at det har ført til få endringar. Dette er eit hinder for ein teatertekst, blant anna fordi deler av den originale teksten kan ha vorte uforståeleg for nytt og yngre publikum (Josek 2006: 84). Ein annan grunn til at dette er eit hinder for teksten, er fordi tida og språket forandrar seg, noko som gir rom for endring. Replikkar og kjende vendingar har «become stale by repetition» (Josek 2006: 84). Han argumenterer for at ein treng omsetjing av slike verk for å sikre at dei framleis er aktuelle, og at dei framleis kjem til å bli spelte (Josek 2006: 85). I eit arbeid med å omsette drama, kan omsetjarane velje å fokusere på visse element ved verket som dei meiner bør framhevast (Josek 2006: 86).

Inga-Stina Ewbank har skrive om omsetjingar av Ibsen, særleg til engelsk. Der trekk ho blant anna fram at dei dramaa som er skrive på vers, er ei litt større utfordring enn dei andre dramaa. Dette gjer at dei som skriv dei om til andre språk, er nøydd til å ta heilt bestemte val om metrikk og rytme, og at ein må kome fram til ei overordna avgjerd om språket (Ewbank 1976: 46). Nokre gonger blir det naudsynt å leggje til noko for å kunne få fram meininga som ligg i det originale språket (Ewbank 1976: 49). I arbeidet med ei omsetjing eller gjendikting av eit verk på denne måten må ein ta nokre konkrete val, kanskje allereie frå byrjinga, om korleis ein kan løyse dette på best mogleg måte, likt eit «oversetterprosjekt» (Refsum 2003). I møte med verk som er skrive i eit bestemt mønster, som vers og rim, må ein gjere nokre val for å kunne passe inn i det mønsteret. Josek (2006) meiner at dei strenge krava ikkje treng å vere noko negativt:

The different semantic density (...) sometimes forces the translator to use fewer words (translation units) in one line in order to observe the metre. This obviously leads to losses (...). On the other hand, the need to reduce the number of words prevents the translator from mechanically translating lexical equivalents, instead, he or she translates meanings, images, ideas, dramatic situations. (Josek 2006: 90)

Dersom det reint språkleg sett er vanskeleg å skrive det om til eit anna språk, kan ein heller fokusere på å formidle meininga i verket. Ein omsetjar kan både leggje til og fjerne element, utan at det treng å øydelegge for sjølve omsetjinga.

I dette tilfellet er det ikkje store problem med å skrive det om til eit anna språk, men heller at omsetjing og gjendikting av Ibsen til nynorsk tidlegare har fått ein del negativ merksemd på førehand. Oppsetjingane i 1973 og 2015 fekk ikkje så mykje kritikk på førehand, men tidlegare omsetjingar og gjendiktingar av Ibsen på Det Norske Teatret hadde fått mykje kritikk, blant anna oppsetjinga av *Peer Gynt* i 1948 (Fidjestøl 2013: 344) og

oppsetjinga av *Gengangere* i 1964 (Fidjestøl 2013: 419). Kritikken kom som ei følgje av at fleire meinte at det opphævelege verket kom til å bli øydelagt, at dei kom til å gjere skam på Ibsen, eller drive med kunstforfalsking, som Fredrik Norman (1973) meinte. Dette er eit døme på det Josek meiner med at den opphøgde posisjonen til forfattaren og teksten kan vere ei hindring. Ein slik tanke kan gjere at ein ser på ei omsetjing som dårleg, uavhengig av sjølve resultatet (Josek 2006: 84). Bassnett (2014) meiner at det er kritikarane sin feil, ikkje omsetjarane:

(...) generations of translators have pointed out that they refashion the original text in a new way. The problem around negative attitudes towards translations lies not with translators, but with commentators and critics who fail to understand that no text can be exactly reproduced in another language. This entire discourse of translation as the betrayal of an original is nothing less than absurd value judgement, based on an idealization of what is achievable by a translator and on an outmoded hierarchical positioning of textual practices that relegates translation to a subsidiary marginal status. (Bassnett 2014: 152)

Ved å skrive om Ibsens drama til nynorsk har ein fått ein annan versjon av den originale teksten. Dette kan så føre til ny innsikt og ei anna forståing av den opphævelege teksten (Bassnett 2014: 64).

2.2 Adaptasjonsteori

Dei nynorske gjendiktingane vart brukt som utgangspunkt for sceniske oppsetjingar, og desse oppsetjingane blir adaptasjonar av *Brand*. Linda Hutcheon og Siobhan O'Flynn (2013) skriv i *A Theory of Adaptation* om at det er mange likskapar mellom ein adaptasjon og ei omsetjing. Ein likskap er blant anna at «Just as there is no such thing as a literal translation, there can be no literal adaptation» (Hutcheon og O'Flynn 2013: 16). Adaptasjonar blir ofte omtalt på same måte som ei omsetjing. Originalen, som til dømes ein roman ein film er basert på, eller det opphævelege språket eit verk er skriva på, får ein høgare verdi enn adaptasjonen eller omsetjinga. I mange tilfelle får den originale teksten ein slags autoritet opp mot anten adaptasjonen eller omsetjinga. Ein diskusjon om ein adaptasjon handlar ofte om kor likt det endelege resultatet er originalen (Hutcheon og O'Flynn 2013: 16). Denne samanlikninga mellom adaptasjon og original er vanleg, men noko ein bør unngå, sidan det ikkje er mogleg å få dei til å bli heilt like. Ein adaptasjon er ein kreativ prosess, ein prosess som «involves both (re-)interpretation and then (re-)creation» (Hutcheon og O'Flynn 2013: 8). Det blir slik ein

liknande prosess som det Bassnett (2015) skildrar som ein god måte å omsetje eit dikt på. Ein skal erfare det originale verket for å finne ut kva ein skal leggje vekt på i si eiga omsetjing (Bassnett 2015: 157).

Innanfor adaptasjonsteori finst det fleire ulike innfallsvinklar som kan kaste lys over ulike aspekt ved ein adaptasjon. Robert Stam (2000) meiner at ein adaptasjon kan nærme seg den opphavslege teksten ved å setjast inn i ein større kontekst, som han kallar for ein intertekstuell dialog (Stam 2000: 64). Han tek her utgangspunkt i Gérard Genette sitt analyseverktøy om dei ulike relasjonane tekstar har til kvarandre (Stam 2000: 65). Han tek i bruk desse omgrepa i arbeidet med filmadaptasjonar, men det har ein overføringsverdi til desse gjendiktingane. Genettes overordna omgrep er *transtextuality* (Genette 1997: 1). Det er alle ulike former for relasjon mellom ulike tekstar. Det er fem typar transtekstuelle relasjonar, og dei er *intertextuality*, *paratextuality*, *metatextuality*, *architextuality* og *hypertextuality* (Genette 1997: 7-9). I dette tilfellet er det særleg hypertekestualitet som er interessant å sjå nærare på. Det handlar om relasjonen mellom ein tekst, *hypertext*, og ein tidlegare tekst, *hypotext* (Genette 1997: 5). Ein hypertekest er alle tekstar som er avleidd frå ein tidlegare tekst, hypoteksten. Det skjer gjennom anten ein direkte transformasjon, eller ein indirekte transformasjon, som han kallar imitasjon (Genette 1997: 7). *Brand* frå 1866 blir slik hypoteksten til gjendiktingane frå 1973 og 2015. Vidare kan ein argumentere for at dei sceniske oppsetjingane i 1973 og 2015 er hypertekestar av dei ulike gjendiktingane. Stam meiner at ein filmatisert versjon av ei bok er nettopp det: «Filmic adaptations, in this sense, are hypertexts derived from preexisting hypotext that have been transformed by operations of selections, amplification, concretization, and actualization» (Stam 2000: 66). Med dette omgrepsapparatet kan ein i eit møte med ein adaptasjon fokusere på kva som er endra frå hypoteksten, både kva som er valt ut, forsterka og kutta ut, og kva slags effekt det har på hypertekest. I dette tilfellet vil det vere interessant å sjå nærare på kva som har vorte kutta og endra i dei to gjendiktingane, og kva det så har ført til for verket som heilskap.

Greenall og Løfaldli (2019) argumenterer for ei tettare kopling mellom omsetjingsteori og adaptasjonsteori. Ved å sjå på eit verk med utgangspunkt i både desse teoretiske retningane, kan ein sjå korleis dei ulike elementa heng saman, og samstundes få sett verket i ein litt større kontekst. Om ein separerer dei ulike elementa får ein ikkje sett korleis heilskapen fungerer (Greenall og Løfaldli 2019: 253-254). Dei meiner at omsetjing og adaptasjon heng tett saman, og kan føre til *recontextualization* av eit verk. Denne rekontekstualiseringa har ulike nivå, blant anna kulturelt, ideologisk, lingvistisk og medialt (Greenall og Løfaldli 2019: 241). Det

er ikkje sikkert at alle disse nivåa er relevante eller synlege i alle adaptasjonar (Greenall og Løfaldli 2019: 253), men gjennom resepsjonen kan ein sjå nærare på kva for aspekt i denne prosessen som publikum har respondert på (Greenall og Løfaldli 2019: 242). Desse gjendiktingane har særleg vore gjennom kulturell og lingvistisk rekontekstualisering. Eit argument for tettare kopling mellom adaptasjons- og omsetjingsteori er blant anna at:

The typical understanding that translation across medial borders is a defining trait of adaptations, while a similar export into new linguistic and cultural domains is regarded as a distinguishing feature of translations, fails to adequately describe and analyse the realities of this particular type of cultural production. Individual works often simultaneously transcend linguistic, medial, generic, cultural and ideological borders. (Greenall og Løfaldli 2019: 241)

Eg vil difor kombinere både relevant adaptasjonsteori og omsetjingsteori i analysen av dei nynorske gjendiktingane av *Brand*. På den måten ønskjer eg å belyse at desse gjendiktingane kan vere både adaptasjonar og omsetjingar, samt at ein kan ta i bruk teori og omgrep frå både perspektiva for å kunne analysere dei på best mogleg måte.

3 Analyse av enkelte scener

Brand består av fem handlingar, og eg har gjort eit utval i kva for scener som er gjenstand for samanlikning og analyse i denne oppgåva. Eg har valt scener frå første, fjerde og femte handling, scener som på kvar sin måte er sentrale for dramaet. I dette kapittelet vil eg leggje fram desse scenene, og vise nokre av skilnadene mellom originalen og dei to gjendiktingane.

3.1 Første handling¹

3.1.1 Opningsscena

I opninga av første handling går Brand rundt i fjella, i eit dårleg vêr kor tåka ligg tett kring han. Opningsscena er ei viktig og sentral scene for å kunne forstå både karakteren Brand og det som etter kvart blir hans store prosjekt. Denne scena er òg viktig sidan ho «konkret fremhever naturomgivelsene og viser hvordan Brand blir bestemt og profilert av det rommet han beveger seg i» (Strand 2010: 195). Brand talar med ein bonde og sonen hans, og dialogen mellom Brand og bonden handlar først om omgjevnadane deira, og dei skildrar det farlege landskapet dei er i (Strand 2010: 197). Dialogen kjem etter kvart inn på religion og gudssyn, og det utviklar seg til ein «teologisk disputt» (Andersen 1997: 85) mellom dei på fjellet. Det skjer blant anna gjennom bruk av metaforar for Gud og Brands kallstanke, sidan Brand seier at han går «(...) en Stormands Bud» (HIS: 196). I Hoem si gjendikting er opningsscena vesentleg kortare enn originalen. Ho består her av berre nokre få replikkar mellom Brand og bonden. Brand seier her at han «(...) går ein stor manns bod» (Ibsen 2015: 3), medan han i Endreson si gjendikting seier «Fram må eg nå, så sant eg kan / med ærend frå ein mektig mann» (Ibsen 1973: 5). Denne gjendikta replikken er noko lengre enn originalen, innhaldet er framleis det same. I den same gjendiktinga byrjar sjølv handlinga først der bonden i originalen ber Brand om å stanse:

1866: Du gaar dig bort! / Nu tykkner Skodden slig, at knappt / en ser saa langt, som Staven rækker – (...) Stands, Mand! Guds bittre –! Her er Bræen / Skral som en Skorpe! / Tramp ej Sneen! / (...) En Bækk har hulet si indunder; / her er et Dyb, som ingen bunder; – / det sluger baade dig og os! / (...) Det evner ingen Mandemagt, / Kjend; – her er Grunden hul og sprød – / Stands, Man! Det gjælder Liv og Død! (HIS: 196)

1973: Stans, mann! Den breen her er farleg, / skral som ei skorpe. Fer litt varleg. / (...)

¹ Sjå s. 52. Vedlegg: Utdrag frå første handling.

Det evnar inga mannemakt. / Sjå, skodda tjuknar. Gi no tål. / Og breen her er full av hol, / dei sluker oss med hår og hud. (Ibsen 1973: 5)

I Hoem si omsetjing har den første scena vorte redusert til berre nokre få replikkar. Når ein kuttar ned på store deler av dialogen, og dermed mykje av det metaforiske som etter kvart pregar samtalen mellom Brand og bonden, forsvinn fleire aspekt ved denne dialogen og sjølve opningsscena. Metaforen for Gud og kall er framleis med, men det blir ingen diskusjon med bonden om gudssyn. Det har berre vorte til ei kort utgreiing av situasjonen dei er i. Sidan mykje er kutta i denne gjendiktinga mistar ein òg litt av det rytmiske preget, og det er ikkje lenger like tydeleg at det er jambiske vers. Dei jambiske versa blir derimot vidareført i stor grad i Endreson sine opningsreplikkar.

Etter at dei har tala om Brands ærend, seier bonden i Hoem si gjendikting: «Hugs at han med flammeriset / mannen dreiv frå paradiset! / Vegene dit har evig stengsel» (Ibsen 2015: 4-5). Dette er ganske ulikt det som skjer både i originalen og i Endreson si gjendikting, men det er ingen ukjent eller uviktig replikk. Denne replikken kjem eigentleg i femte handling:

SIKKELSEN Husk at *en* med Flammeriset / Manden drev fra Paradiset! / Porten har han lagt et Slug for; / over *det* du springer ej!

BRAND Aaben lod han *Længslens* Vej! (HIS: 467)

Replikken kjem òg att seinare i Hoem si gjendikting, der han opphøveleg står i femte handling, like før Brand møter Gerd oppe på fjellet. Det er ikkje tydeleg kvifor denne replikken har vorte med allereie i opningsscena. Replikken bryt og med det originale jambiske versemålet i denne scena, sidan han er skriva i trokeisk firetaktar, slik som resten av den opphøvelege scena i femte handling er. Slik bryt opningsscena i Hoem si gjendikting vesentleg med originalen på fleire måtar. I ulike teatermeldingar frå 2015 kan ein lese at denne opningsscena har vore annleis på fleire måtar. Therese Bjørneboe skreiv i si melding i *Aftenposten* at «Forestillingen åpner med en omskrivning, hvor bonden og sønnen hans er strøket, til fordel for at vi bare hører en stemme si: «Eg går ein stormanns bod», «Kva heiter han?» «Han heiter Gud»» (Bjørneboe 2015). Det kan tyde på at bonden ikkje var med i det heile tatt, men at nokre av replikkane hans har vorte lagt til ein stemme i staden for. Dette er ei uvanleg løysing på opningsscena, og ein kan heller ikkje vite kvifor ei slik endring har funne stad. Endringar som dette er likevel med på å forme korleis ein tolkar verket, sidan ein kan sjå opningsscena presentert på ein annan måte enn det som står i originalen. Etter desse replikkane går ein i gjendiktinga frå 2015 rett over til Brands første monolog i verket, ein

monolog som opphavelig kjem ein god del seinare. Den påfølgjande monologen er òg korta ned, sidan mykje av monologen er ein refleksjon om dette møtet med bonden. Dei ulike kutta frå den første scena får med det konsekvensar for kva som skjer i den neste scena.

Anders Kristian Strand (2010) skriv i «Landskap og kall i *Brand*» om korleis Ibsen tek i bruk naturmetaforar i *Brand*. Han skriv at verket «(...) karakteriseres av en håndfull metaforgrupper knyttet til naturens elementer: jord, vann, luft og ild. Referanser til dem (...) gjentas stadig i nye sammenhenger og med ulik betydning» (Strand 2010: 191-192). Han meiner at opningsscena tematiserer kallsbevisstheit og naturproblematikk som noko som er nært knytt saman (Strand 2010: 201).

Dramaet antyder allerede her at natur og kall i Brands bevissthet er korrelerende fenomen. (...) For det er nettopp nemlig i hans reaksjoner på bondens advarsler mot å gå videre og utsette seg for elven som har «hulet seg indunder» isen, at Brand viser sin vilje og formulerer sine første jernharde maksimer. Med andre ord, det å gi seg naturen i vold eksponerer kallsbevisstheten hans. Å ikke unndra seg fare og snu, men snarere trosse det utrygge landskapet, det er plikten til en som går en «Stormands Bud»; for «frem *maa*» han. (...) Brand tar gledelig kampen opp mot naturen i sitt kalls navn. (Strand 2010: 199)

Opningsscena blir slik eit døme på korleis Brand i store, farlege og valdsame situasjonar oppfattar eit oppdrag: «Å føle kallet, å føle *seg* kallet, den bærende kraften i Brands verdensanskuelse og selvforståelse, innebærer altså å sette seg i situasjoner hvor han er i naturens – det flytende, revnende og bunnløse landskaps – vold» (Strand 2010: 200-201). Denne scena viser til ein sentral struktur i dramaet, at Brands medvit om sitt eige kall er knytt til naturen (Strand 2010: 199). Når ein ikkje har med det frå start, blir det ikkje like tydeleg at kallet er knytt til naturen, og at det er noko som er sentralt for heile dramaet.

Det er ikkje alle desse naturskildringane frå dialogen med bonden som er med i gjendiktinga til Endreson, men fleire enn i Hoem si gjendikting. Blant anna har Endreson gjendikta nokre replikkar tydeleg viser at Brand er klar over at han kan utsetje seg for fare:

1866: Hvis Herren for min Død har Brug, – / velkommen Flom og Foss og Slug! (HIS: 198)

1973: Om Herren trur han treng meg død – / velkommen grav – i ras og snø. (Ibsen 1973: 7)

Innhaldet i replikken er det same, sjølv om Endreson har endra på rimet. Han har brukt eit anna bilete enn det ein ser i originalen, men det er framleis ei naturskildring. Det kan òg vere eit slags frampeik, sidan ein veit kva som skjer mot slutten av *Brand*. Denne replikken finst

ikkje i den endelege versjonen av Hoem si gjendikting, slik som resten av dialogen mellom Brand og bonden.

Opningsscena i gjendiktinga frå 2015 er med det ganske annleis frå originalen. Gjendiktinga frå 1973 er meir tru mot originalen i denne delen, men ho byrjar etter kvart å skilje seg meir frå han. Endreson har òg kuttat litt i nokre replikkar, samt vore meir fri i si gjendikting til nynorsk, noko som kjem meir tydeleg fram i seinare utdrag frå første handling.

3.1.2 Møtet med Agnes og Einar

Etter denne monologen treffer Brand Agnes og Einar, og dei kjem etter kvart i tale med kvarandre. Agnes og Einar har ein dialog før dei oppdagar Brand, og i den påfølgjande dialogen står Brand fram som ein sjølvstikker, bestemt og lite sympatisk mann, særleg når han talar med Einar. Åse Hiorth Lervik (1969) skriv at «(...) det generelle og sentensiøse ved hans replikker i disse samtalene kan oppfattes som et helt bevisst virkemiddel fra Ibsens penn – et viktig bidrag til karateristikken av Brands person» (Lervik 1969: 52-53). Han skal preike og spreie Guds ord. I ein av dei lengre passasjane i dette utdraget har Endreson delt opp ei av Brands utgreiingar, og Einar kjem med nokre små kommentarar undervegs. Dette gjer at Einar kanskje står fram som litt meir bestemt, og at Brand møter meir motstand enn opphavelig. Det skapar òg nokre brot i replikkføringa. Framfor spørsmålet «Hvad skal det till →» (HIS: 217) seier Einar her heller «Du spottar!» (Ibsen 1973: 28). Generelt sett kan Einar virke noko meir bestemt i Endreson si gjendikting enn i originalen og Hoem si gjendikting:

1866: Aa, jeg forstaar! Den Sang er ny / og yndet over Byggd og By. / Du hører til det unge Kuld, / som kalder Livet Tant og Muld, / som jage vil med Pølsens Skrækk / Alverden i en Askesækk. (HIS: 214)

1973: Å, eg forstår. Du er av dei / som meiner livet kom av lei / da Adam fall – ein jammerdal / der vegen støtt skal vera smal. / ein mørkemann, ein vestlandsfaen / som går omkring med skremmespaden / og skuflar arg blant angst og skrekk / all verda i ein oskesekk. (Ibsen 1973: 24)

2015: Å, eg forstår. Du er av dei / som talar mest om helvets skrekk / all verda skal i oskesekk. (Ibsen 2015: 11)

I denne replikken er det berre det aller første og heilt siste som er heilt likt. Bruken av orda «mørkemann» og «vestlandsfaen» er noko skarpare og hardare enn det som står i originalen. Replikken blir med det både noko lengre og meir utfyllande enn i originalen og i Hoem si gjendikting. I originalen blir Brand berre sett i samanheng med dei andre i «det unge Kuld», og Hoem si gjendikting finst ikkje noko som kan minne om akkurat denne delen av replikken.

Her har Endreson vore meir fri i si gjendikting, og samstundes lagt til element ein ikkje kjenner att frå originalen. Det same skjer i dei neste replikkane:

Brand: Nei, eg er ingen preikehest. / Og ikkje er eg kyrkjeprest. / Om eg er kristen, veit eg ikkje. / Eg veit at ingen her kan rikke / den trua som kan flytte berg / at eg er mannen som kan sjå / at folket vårt er utan merg.

Einar: Du meiner dagen vår er grå? / Du meiner vi treng meir av lys? / Eg veit som deg at folket frys. / vi her i nord er ikkje kjent / for å ha gledebåla tent. (Ibsen 1973: 24-25)

Einar sitt svar her er både meir omfattande og ganske annleis enn i originalen, men både denne og føregåande replikk held fast på rim og dei jambiske versa, sjølv om replikkane har vorte endra. Dei held fast på innhaldet, sjølv om det er presentert på ein annan måte. Erik Bjerck Hagen (2009) skriv at Einar i denne scena kan fungere som ein representant for lesaren. Han er treffsikker i møte med Brand, og han vinn diskusjonen mellom dei (Hagen 2009: 44), men i gjendiktinga frå 1973 får Brand likevel enno meir motstand av Einar. Gjendiktinga frå 2015 er ganske lik originalen i desse replikkane, noko som gjer at Einar her er relativt uforandra. Endringane i gjendiktinga frå 1973 viser derimot at Endreson allereie frå starten av ikkje er framand frå å leggje til både replikkar og meining til ulike rollefigurar.

3.1.3 Brands andre monolog

Etter møtet med Brand har Agnes og Einar ein dialog om det inntrykket Brand har gjort på dei. Når Brand kjem til syne att, har han ein ny monolog. Denne monologen handlar om gjensynet med bygda, og kva slags effekt det har på han. Denne scena er første gongen Ibsen skiftar frå jambisk vers til trokeisk firetaktar i *Brand*, og er den einaste sekvensen med trokeiske vers i første handling (Lervik 1969: 51). Som andre utdrag frå første handling er gjendiktinga frå 2015 vesentleg kortare enn gjendiktinga frå 1973, og båe er kortare enn originalen.

Gjendiktingane byrjar relativt likt som originalen, men allereie etter dei to første setningane byrjar Endreson si gjendikting å skilje seg frå originalen. Endreson sine replikkar dreier seg framleis om det same innhaldet, berre formulert på ein annan måte. Han har snudd litt om på desse versa: «(...) kyrkja, elva, bjørkelia / uroa på den andre sida» (Ibsen 1973: 33) framfor «(...) Jordfallsbakken, Osets Birke / og den gamle brune Kirke» (Ibsen 1973: 223) Endreson har så kutta ut setninga om at Brand kan hugse dette frå tidlegare, og går heller over til «Kanskje er det gråare, / mindre, lufta – råare» (Ibsen 1973: 33). Dette er relativt likt

originalen. Ibsen sjølv skreiv «Men jeg tror, at mere graat / er det nu, og mere smaat» (HIS: 223). Endreson har slik fått inn både at heimbygda kanskje verkar mindre og at lufta verkar noko råare enn tidlegare, noko som spelar vidare på liknande metaforar om vêr og natur frå tidlegare i første handling.

Resten av utdraget har store skilnader frå originalen. Det næraste ein kjem ei direkte gjendikting her, er passasjen om Samson, og sjølv den delen er ganske annleis. Medan det i originalen står «(...) Samson lig i Skjøgens Skjød» (HIS: 224), har Endreson gjort det om til «Samson som har mista håret» (Ibsen 1973: 33). Endreson har både før og etter dette vore meir fri i si gjendikting, og det er til tider vanskeleg å sjå kva som skal erstatte kva frå originalen, og kor dei nye replikkane kjem frå. Slik som denne replikken:

Ja, der sat han, veslekaren / gøymt i skodd, i kveldar – seine. / Liten gut – så heilt aleine. / Redd og hjelpelaus og bunden. – / Same kjensla er i grunnen / det som tek meg her og står / heime etter mange år. / Mot og krefter, store tankar, / lyse draumar, blod som bankar – / alt blir liksom snevra inn / til eit skremt og magert sinn. (Ibsen 1973: 33)

Dei siste setningane kan minne om originalen der Brand seier «Modet, Magten har mig sveget, / Hug og Sjæl blir slapp og sprød» (HIS: 224), men elles er det store skilnader frå det som står i originalen. Denne endringa i monologen viser at Endreson har valt ei noko anna tilnærming i arbeidet enn det Hoem har gjort. I denne scena er det meste nærast ei direkte omskriving i Hoem si gjendikting, men teksten i sjølve scena har vorte kutta ned. Både gjendiktingane har delvis same innhald, men det blir presentert på ulike måtar. I Hoem si gjendikting er det ofte meir direkte og tydeleg kva han meiner. Dei replikkane som er med, er med andre ord ganske like, men ein får eit anna heilskapleg bilete av desse scenene når dei er så mykje kortare i Hoem si gjendikting.

3.1.4 «De Trolde tre» – introduksjon av Brands prosjekt

Etter den siste monologen treffer Brand for tredje gong på nokon ukjende. Han møter Gerd for første gong, og i denne scena har Ibsen gått tilbake til jambisk firetaktar. Etter at dei har hatt ein kort samtale, har Brand ein ny monolog, den siste i første handling. Dei nynorske gjendiktingane har vidareført dei jambiske versa i denne scena, og dei er ganske like originalen i dialogen mellom Brand og Gerd. Dei første store skilnadene i denne scena kjem

til syne etter at dei har gått kvar sin veg. Brand samanfattar dei tre ulike møta, og hans eige kall står tydeleg fram for han:

1866: Se, *det* var og en Kirkegjæst. / I Dal, – paa Hej, hvem gjør det bedst? / Hvem vimrer værs og vildest frem, / hvem famler længst fra Fred og Hjem, – / det *Lettsind* som, med Krans af Løv, / lar Legen gaa langs brattest Slug, – / det *Slappsind*, som gaar Vejen sløv, / fordi det saa er Skikk og Brug, – / det *Vildsind*, som har slig en Flug, / at fast hvad ondt det ser, blir smukt? – / Til Kamp paa tvers, till Kamp paa langs / mod denne Trippelallians! / Jeg ser mit Kald; det glitrer frem, / som Sol igjennem Glugg paaklem! / Jeg ved mit Hverv; de Trolde tre / i Faldet bøder Verdens Ve; – / faar Slægten dem først lagt i Grav, / da viftes Verdenspesten af! / Opp; ryst dig, Sjæl! / Dit Sverd fra Lænd! / Till Kamp for Himlens Odelsmænd! (HIS: 229-230)

Dei ulike møta har engasjert Brand, og dei har gjort at han har fått «fornytt kamplyst med styrket tillit til eget kall og til kampens betydning» (Lervik 1969: 56). Dei ulike møta har, ifølgje Brand, vore representantar for kvar si synd, og han vil kjempe mot denne «Trippelallians». Brand legg fram dette gjennom tre retoriske spørsmål og ein presentasjon av dei tre ulike syndene, som så blir til ei kamperklæring der han òg fortel om si eiga kallsoppleving (Andersen 1997: 80). I 1973 er dette utdraget noko kortare, korta ned til 16 vers der originalen har 20 vers. Elles har det delvis same form som originalen, med retoriske spørsmål, presentasjon av desse syndene og ei kamperklæring. Han avsluttar med: «Det er mitt verv og meininga / med livet mitt. Eitt kall eg ber: / å slåst for himlens odelskær!». Han nemner alle dei tre syndene, og seier at han vil gå «Til kamp mot den treeininga!» (Ibsen 1973: 39). Her blir kallet tydeleggjort i stor grad, og særleg er bruken av omgrepet «treeining» i staden for ordet «Trippelallians» interessant. Treeining er eit grunnleggjande omgrep i kristendommen, og ved at han brukar dette omgrepet blir koplinga til religion enno meir tydeleg enn det ein kan lese i originalen.

Gjendiktinga frå 2015 er derimot ganske ulik både originalen og den tidlegare gjendiktinga. Reint språkleg er det ikkje så store endringar, sidan monologen er gjendikta ganske direkte til nynorsk. Den første store endringa er at denne monologen er vesentleg kortare. Replikkane har her vorte redusert til berre fem vers. Ei anna stor endring er innhaldet i desse replikkane. Her er det berre «villsinnet» som blir nemnd. Det er ikkje så uventa sidan det første møtet er kutta heilt, og dei to andre møta er korta ned, men han nemner ikkje noko om møtet med «lettsinnet», som er representert ved Agnes og Einar. Å fjerne deler av denne monologen gjer at ein ikkje får eit like tydeleg bilete av Brands store prosjekt. Per Thomas Andersen (1997) skriv at slutten på første handling er ei «abstrakt formulering for et livsprosjekt» (Andersen 1997: 80). Ved å kutte dette mistar ein eit sentralt og viktig aspekt

ved både rollefiguren Brand og sjølve dramaet. Bjørn Hemmer (1972) meiner at dette er heilt sentralt i forståinga av verket: «I *Brand* er hovedpersonens overbevisning om sin høye forpliktelse det egentlige utgangspunkt for dramaet» (Hemmer 1972: 36). Det er ikkje berre hans livsprosjekt, men sjølve utgangspunktet for heile dramaet. Andersen skriv òg at heile første handling er komponert som ei erklæring om ein kamp mot desse kardinalsyndene som dei ulike møta representerer (Andersen 1997: 79). Kontrasten er stor til gjendiktinga frå 2015, der ein ikkje får høyre noko om denne «Trippelalliansen». Atle Kittang (2002) skriv at første handling er heilt grunnleggjande for å forstå meir av figuren Brand. I første handling får ein sjå Brands viljestyrke, kallskjensle og evne til forakt, som er hans grunnleggjande kjenneteikn (Kittang 2002: 38). Når ein så kuttar delar av scener og dialogar, blir ikkje Brand eller hans prosjekt like tydeleg som det kunne ha vore.

Difor verkar denne monologen i gjendiktinga frå 2015 mest som ei oppsummering om det siste møtet, sidan han berre nemner villsinnet, og heller ikkje kjem noko særleg inn på sitt eige kall. Etter at han og Gerd har gått kvar sin veg, seier Brand: «Sjå, det var og ein kyrkjegjest. / Eit villsin som har slikt eit flog, / kva vondt det ser, blir vakkert òg. / Eg ser mitt kall slik ein i skuggen / kan ane sola gjennom gluggen» (Ibsen 2015: 19). Både desse syndene og si eiga kallsoppleving blir framstilt noko kort og meir lettfatta, noko som gjer at ein ikkje får inntrykket av at dette har gått like mykje inn på Brand som i originalen. Kallsopplevinga kjem noko meir brått på her, sidan det ikkje er ein refleksjon om dei ulike møta som leder opp til denne erkjenninga. Avslutninga på denne replikken liknar på det som står i originalen, «Jeg ser mit Kald; det glitrer frem, / som Sol igjennem Glugg paaklem!» (HIS: 229), men både før og etter denne replikken er det i originalen ei nærare konkretisering av kva dette kallet går ut på, som da manglar i Hoem si gjendikting.

3.2 Fjerde handling²

Fjerde handling er ei av dei lengre handlingane i *Brand*. Agnes og Brand er gift, og sonen deira, Alf, har døydd. Store deler av denne handlinga krinsar rundt Agnes' sorg knytt til sonen, og om at Brand vil at ho skal kvitte seg med dei minna ho har spart på. Det er dei to dramatiske familiescenene som er utgangspunktet for ei samanlikning i denne handlinga. Bå

² Sjå s. 67. Vedlegg: Utdrag frå fjerde handling.

desse scenene leier opp til ein endeleg konfrontasjon mellom Agnes og Brand (Andersen 1997: 110-111).

3.2.1 Agnes og Brand

Handlinga byrjar med at Agnes går heime og ventar på at Brand skal kome heim. Det er julaftan, og er den første av dei dramatiske familiescenene i denne handlinga. Ho sørger over Alf, og Brand har vorte meir hard mot ho. Dei har heilt ulike tilnærmingar til korleis dei skal takle sorga etter Alf. Medan Agnes brukar minna ho har att frå Alf som ei slags flukt frå røynda, er Brand ute i stormen og «bruker sine krefter i kamp med den stormfulle ytre verden» (Andersen 1997: 111). Sorga øydelegg for hans store oppgåve (Kittang 2010: 63).

I Hoem si gjendikting er Agnes' første replikkar markert med sitatteikn, akkurat som om ho skulle ha etterlikna nokon eller planlagt kva ho skal seie. I originalen er det første Brand seier i denne handlinga «Barn, nu har du mig tilbake. / Du er bleg» (HIS: 326). Dette har vorte nærast direkte gjendikta hos Endreson, medan det er litt annleis i Hoem si gjendikting. Replikkane har vorte gjendikta her og, men dei blir ikkje sagt i same vending.

Agnes: «Er det deg? Kom inn, kom inn.» / «Er det deg? Kom inn, kom inn.» / «Er det deg? Kom inn, kom inn.»

Brand: Agnes, her har du meg tilbake.

Agnes: Er det deg? Kom inn, kom inn! / Å som du vart lenge borte / Gå'kje frå meg, gå'kje frå meg

Brand: Du er bleik. (Ibsen 2015: 85)

I originalen og Endreson si gjendikting kjem desse replikkane som ein del av Agnes' monolog i byrjinga, før Brand har sagt sin første replikk. Ein annan skilnad frå originalen er at Brand i båd gjendiktingane kallar ho Agnes, og ikkje «Barn» når han kjem inn til ho. Det er ikkje same umyndiggjering og tukting som ein ser i originalen (Andersen 1997: 112).

I både originalen og Hoem si gjendikting blir Kirkegaarden/kyrkjegarden brukt som ei omskriving av at Alf er død. Dette er ein av Brands måtar å forhindre sorgprosessen hennar på (Andersen 1997: 112). I Endreson si gjendikting seier han det enno meir brutalt: «Han er død» (Ibsen 1973: 149). Dette seier Brand båd gongene der originalen og Hoem si gjendikting tek i bruk kyrkjegarden. Etter at Agnes for andre gong ber Brand om å ikkje tale om at Alf ligg på kyrkjegarden, seier han at han er nøydd til å seie det for at ho skal forstå det.

1866: Med fulde Lunger / *maa* det nævnes, er du redd! / Nævnes *maa* det, saa det runger / lig en Bølge mod en Bredd! (HIS: 327)

1973: Jau, eg må. / Ein gong er du nøydd å sjå. / Når ein skrik det høgt som tora / blir ein mindre redd for orda. (Ibsen 1973: 150)

2015: Nemnast må det, så det ljomar / lik ei bølge mot ei strand. / Agnes, Agnes, la oss begge / vera sterke, stå imot, / legge våre krefter saman, / gå framover, fot for fot. (Ibsen 2015: 86-87)

Her har både Endreson og Hoem vidareført ei naturskildring. Hoem har vore ganske tru mot originalen, medan Endreson har gjort det om til ei anna naturskildring enn det som originalt står. I Hoem si gjendikting går ein etter dette rett vidare til ein av Brands seinare replikkar, som handlar om korleis dei skal greie seg gjennom dette. Mellom desse replikkane kjem det originalt ein del der Agnes greier å vise at Brand òg sørgjer over tapet av Alf (Andersen 1997: 112). Denne delen har vorte kutta frå gjendiktinga i 2015, men finst i gjendiktinga frå 1973:

1866: Selv du lider under Ordet / mer, end du vil kjendes ved; / paa din Pande ser jeg Sporet / av den Sved, der kjøbtes med. (...) Er og draaben i dit Øje / smeltet Sneflok fra det høje? / Nei, o nei, den er for varm; / Kilden er din egen Barm! (HIS: 327)

1973: Mindre rett dei –. Kanskje du. / Men du kjenner og ei gru. / Sørgjebraumen dreg deg ned / meir enn du vil vera ved. / Sveitt om panna – (...) Her. Er det og sprøyt av sjø? / Eller kanskje nysmelt snø? / Nei, du. Tårer. / Dei som svarte / varmen frå ditt eige hjarte. (Ibsen 1973: 150-151)

Ved å kutte desse replikkane får ein ikkje med seg at Brand òg sørgjer, sjølv om han gjer det på ein annan måte enn Agnes. Strand (2010) meiner at naturskildringane i verket ikkje berre viser korleis Brand kjemper mot naturen, men at dei òg viser til kampen i hans indre (Strand 2010: 193). Her blir sorg og kampen mot sorg knytt opp til havet. Ved å stryke desse replikkane får ein ikkje fram denne samanhengen mellom sorg og naturen på same måte, samstundes som Brands sorg blir underspelt. Brand blir med det både meir hard og mindre prega av sorg enn i originalen og Endreson si gjendikting. Replikken om at det skal nemnast så at det «lomar / lik ei bølge mot ei strand» har ikkje vorte kutta. Denne replikken er ei kopling til naturen, men denne replikken er mest med på å understreke at Brand er hard mot Agnes. Endreson har vidareført denne koplinga til naturen i si gjendikting, og særleg replikken «Sørgjebraumen dreg deg ned / meir enn du vil vera ved» er med på knyte sorg opp til havet. Endreson si gjendikting er dermed med på å vise, i større grad enn Hoem si gjendikting, at Brand kjempar mot naturen, samstundes som naturskildringane får fram den kampen som skjer i hans indre.

3.2.2 Agnes' offer

I den andre dramatiske familiescena er Agnes på nytt åleine i stua. I originalen byrjar monologen hennar med «Lukket, lukket, – alting lukket!» (HIS: 367), og med unnatak av to korte replikkar frå Brand, held ho fram med denne monologen heilt til ei kvinne kjem heim til dei. I originalen er dette den einaste lange monologen Agnes har (Lervik 1969: 116), og ho talar her om kleda og minna ho har att frå Alf. Brand oppdagar kva ho gjer. Han bryt ikkje inn, berre ser på ho på avstand. Den første av Brands replikkar har vorte vidareført i gjendiktinga frå 2015, men båe har vorte kutta i gjendiktinga frå 1973.

1866: Agnes: Men iaften er det Helg. / Fra ifjor hvor vidt forskjellig –! / Hys, – den højt skal holdes hellig; / frem jeg henter mine Skatte, – / dem, hvis endeløse Pris, / fra min Lykkes Livsforlis, / kun en Moders Sjæl kan fatte.

Brand: Evig samme Flugt om Graven / samme Leg i Dødninghaven.

Agnes: Her er Sløret. Her er Kaaben, / han blev baaren i till Daaben – (HIS: 369)

1973: Agnes: Men i kveld –. I kveld er det helg. / Brand –? Nei. Lagar nye ord. / Å, så annleis enn ifjor. Eg vil helge denne kvelden. / Alt eg har fått ha i fred – / skattar som vart att frå elden / da mitt lykkehus brann ned. / Vesle kappa som han bar / den gong han vart døypt av far. (Ibsen 1973: 191)

2015: Agnes: (...) men i kveld, i kveld er det helg. / Her er sløret, her er kappa / han vart boren i til dåpen. –

Brand: Same leik i dødens hage. (Ibsen 2015: 104-105)

I denne delen av scena er det store skilnader mellom originalen og dei to gjendiktingane. Heilt overordna ser ein at Brands replikk er kutta i gjendiktinga frå 1973, medan den same replikken er flytta til ein ny stad i gjendiktinga frå 2015. Hyldig (2010) skriv at Agnes i oppsetjinga frå 1973 «(...) synes å være hentet frem som en figur på linje med Brand, men det er vanskelig å finne noen tolkningsmessige refleksjoner omkring det hos anmelderne» (Hyldig 2010: 53). Det at Brands replikk har vorte kutta kan kanskje vere eit forsøk på å gjere Agnes til ein meir framstående figur, sidan dette no har vorte ein lang samanhengande monolog. I gjendiktinga frå 1973 er det berre Agnes som talar, heilt frå ho seier «Stengt. No er det låst og stengt» (Ibsen 1973: 189) og til kvinna kjem.

I originalen blir Agnes' monolog avbrote av to korte replikkar frå Brand, som står og ser på kva ho gjer. Han kallar desse kleda og minna ho har hatt for «Afgudshuse» (HIS: 370), og han vil ikkje øydelegge det siste ho har att frå Alf, og ber difor Gud om å heller sende nokon andre i hans stad. Like etter det kjem ei kvinne med eit barn på armen inn til dei. Ho ser kva Agnes gjer, og vil at ho skal dele Alf sine gamle klede med ho. Brand og kvinna har først ein dialog om ho og barnet hennar, før det så følgjer ei scene kor han tvingar Agnes til å gi frå seg kleda ho har att etter Alf til denne kvinna.

Replikken kor Brand seier at han ikkje vil vere den som tek dei siste minna vekk frå

Agnes, men ber om at nokon annan skal gjere det, finst ikkje i gjendiktingane. Dei har heller ikkje noko innhald som kan minne om denne replikken. Denne nølinga meiner Kittang er gjort av kjærleik og omsorg (Kittang 2002: 63). Når kvinna så kjem, ser Brand på dette som eit teikn på at Agnes må ofre alt (Hemmer 1972: 56). Han tolkar ho som eit teikn frå Gud, noko som er grunnen til at han godkjenner kravet til denne kvinna (Kittang 2002: 64). Kvinna kjem noko meir brått på i gjendiktingane, sidan dei ikkje har med denne replikken. Om ein les det på same måte som Kittang, så kan mangelen på denne replikken òg vere med på å understreke at Brand er hard og krass mot Agnes, og at han kjem til å gjere dette mot ho, uavhengig av eit teikn frå Gud.

Scena kor denne kvinna kjem er ganske lik i båe gjendiktingane, fram til Brand ber kvinna om å fortelje kvifor ho har kome til dei. I originalen er svaret hennar ni vers, medan Endreson si gjendikting er tretten og Hoem si gjendikting er fem vers. Endreson si gjendikting lengre enn originalen, noko som skjer fleire gonger i same scene. Kvinna har opphaveleg fire replikkar før dei kjem inn på at Agnes skal gi frå seg kledda, og alle desse har vorte lengre i Endreson si gjendikting. Til samanlikning har desse anten vorte korta ned eller kutta ut i Hoem si gjendikting. I tillegg til at hennar opphavelege replikkar har vorte lengre i Endreson si gjendikting, har ho òg fått ein ny replikk her, da ho svarar på Brands utsegn om at det er noko kjent med «Denne Røs og disse Trækk» (HIS: 371). Ho svarar: «Kanskje røysta. Ikkje meg. / Kanskje eingong yr og ør / dengong presten las der sør» (Ibsen 1973: 194). Kittang har skrive at denne kvinna kanskje er nærare knytt til Brand enn teksten eigentleg gir uttrykk for, og at det kan vere eit *symbolsk slektskap* mellom Brand og taterkvinnene (Kittang 2002: 63). Med denne replikken knyt Endreson dei tettare saman enn det som står i originalen, sidan det blir ymta om at Brand kan ha hatt noko med dei å gjere tidlegare. I originalen svarar ho ikkje på dette, så denne replikken er heilt ny i Endreson si gjendikting.

Det er mange skilnader mellom originalen og dei to gjendiktingane i denne scena. Mykje av det dreier seg om lengd, men ein kan òg sjå språklege og versetekniske skilnader. Ein annan replikk som er ulik i båe gjendiktingane er kor Brand vil hjelpe kvinna og barnet:

1866: Kvinde, gjør din spæde fri / for din vilde Dødsfærds Sti; – / lad ham løftes, lad ham lettes; / af kan Brændemærket tvættest – (HIS: 373)

1973: Dette er alvorleg meint: / La ditt barn få vera her / og bli døypt og frelst – og reint / kvitte seg med taterstemplet. (Ibsen 1973: 195)

2015: Kvinne, gjer ditt spebarn fri / for din ville dødsferds sti, / la han..... (Ibsen 2015: 107)

Innhaldet i replikkane dreier seg kring det same. Brand vil hjelpe barnet ut av denne situasjonen, men det er meir tydeleg og mindre bruk av metaforar i Endreson si gjendikting enn i originalen og i Hoem si gjendikting. Her seier Brand at barnet skal bli døypt og frelst, ikkje berre frigjort og løfta, og at dette kan skje om barnet blir hos dei. Likevel er ein av dei store skilnadene her at Brand seier at barnet har eit «taterstempel», ikkje «Brændemærket». Han markerer med det ein skilnad frå dei til seg sjølv, sidan barnet gjennom Brand kan få kvitte seg med dette stemplet.

Agnes vil først ikkje gi frå seg noko til kvinna, men ho går med på å dele. Brand vil at ho skal gi frå seg alt saman, noko ho til slutt går med på. Om akkurat desse replikkane har Lervik (1969) skrive at kvart verspar, som har parrim, har ei avslutta meining og at dei har ei parallell oppbygging. Her er det tilbod av eit klesplagg i første vers, følgd av ein karakteristikk av klesplagget i andre vers. Ho skriv vidare at gjentakninga av ordet «her» er med på å understreke det regelmessige i desse versa (Lervik 1969: 118).

1866: Agnes: Kvinde, kom; se her, tag Kaaben / som mit eget bar i Daaben. / Her er Kjolen, Skjærfet, Kuften; / den er god mot Natteluften; / her er den lille Silkeyse; / under den skal han ej fryse; / tag det; tag till sidste Pjalt – (...) Kvinde, her er Kroningskaaben, / som han bar i Offerdaaben! (HIS: 375)

1973: Her. Ei kappe. Like fin. / Ho er berre brukt ein gong – / dåpsdagen – av guten min. / Her er kjolen. skjærfet. Kufta. / Ho er god mot nattelufta. / Her. Ei lita silkeyse / så han ikkje skal forfryse / øyra sine. Det er kalt [sic]. / Ta det heile. (...) / Nei. Her har du frakken hans. / Neste plagget blir ein krans. (Ibsen 1973: 199)

2015: Her er kjolen, skjærfet, kufta, / den er god mot nattelufta. / Ta det, alt, til siste fille! / (...) Kvinne, kroningskåpa får du, / den han bar i offerdåpen! (Ibsen 2015: 109-110)

Mellom desse replikkane spør Brand om ho har gitt alt. Desse utdraga viser både skilnad i det reint språklege, men òg i strukturen, sidan det ikkje er ei like tydeleg oppbygging som i originalen. Agnes' replikkar i originalen er til saman ni vers med ein tydeleg struktur, medan ho i gjendiktinga frå 1973 har til saman elleve vers, og i gjendiktinga frå 2015 er det berre fem vers. Her er det heller ikkje same struktur som i originalen. Endreson har brukt både kryss- og parrim, medan Hoem berre har eit parrim i dei to første versa, og ikkje noko rim i dei neste versa. Ordet «her» har heller ikkje same effekt i gjendiktinga frå 2015 som i originalen og gjendiktinga frå 1973.

3.2.3 Brands endelege val

Den siste scena i fjerde handling rommar fleire av dramaets sentrale aspekt: viljen, motsetjinga mellom det evige liv og det moglege liv, dødstatikk, kallstatikk, og motsetjinga mellom essens og eksistens (Hemmer 1972: 60). Etter at Agnes har gitt frå seg alle minna frå Alf, kastar ho seg om halsen på Brand og seier at ho er fri. Ho er fri sidan alt anna har vorte teke vekk frå ho:

1866: Røvet, røvet, – alting røvet, – / sidste Baand, som bandt til Støvet! / Jeg er fri! Brand, jeg er fri! (HIS: 378)

1973: Røva, røva, alt er røva. / Siste vesle draumepute / teke frå meg. Siste prøva. / Siste verd som heldt meg nær. / Siste band som batt meg her. / Eg er fri! Brand! Eg er fri! (Ibsen 1973: 202-213)

2015: Eg er fri, Brand, eg er fri! (Ibsen 2015: 112)

Nok ein gong er gjendiktinga frå 1973 noko lengre enn originalen, men ho er elles ganske tru mot Ibsens eigne ord. I gjendiktinga frå 2015 finst ikkje denne refleksjonen om korleis ho har vorte fri, berre denne innsikta om at ho no er fri. Denne omvendinga kjem litt meir brått på enn i dei andre utdraga. Denne omvendinga er omdiskutert (Kittang 2002: 64-65), men ho blir ikkje meir tydeleg i denne gjendiktinga, no som koplinga mellom minna og denne omvendinga ikkje er like tydeleg. Den føregåande replikken viser at Agnes verkeleg har gitt alt, og dette er konsekvensen.

Agnes' konflikt blir etter kvart flytta over på Brand. Ho har forstått kva som no kjem til å skje. Brand forstår etter kvart kva ho meiner, og da er hans første reaksjon å rygge unna (Hemmer 1972: 61). Agnes snur så om på maktspelet mellom dei, og tvingar han til å ta eit val (Andersen 1997: 119):

1866: Ja, tillvise sejret nu, – / sejret over Grav og Gru! / O, se oppad, se iveau! / Ser du Alf for Tronens Fod, / lysglad som i Livets Dage, / strække Armen os imod? / Om jeg ejed tusind Munde, / om jeg turde, om jeg kunde, / ikke *en* jeg dog oplod / for at kræve ham tilbage. / O, hvor stor, hvor rig er Gud / till at finde Midler ud. / Barnets Offer, Offerbrøden, / baaret har min Sjæl fra Døden; / han mig fødtest for at mistes; frem til Sejr jeg maatte fristes! – / Takk, at du min Haand har ledet; / du har trofast for mig stredet; / o, jeg saa din Hjertekval. / Nu staar *du* i Valgets Dal; / over *dig* nu Vægten faldt / af det *intet* eller *alt*! (HIS: 379)

1973: Ja, eg har. Og eg har funne / fred for lengt og grav og gru. / Om eg no fekk lov å snu, / rope Alf tilbake hit, / trur eg ikkje at eg ville. / Å, kor stor Vårherres lit / er til at vi finn det rette, / finn ei stor og evig stille. / Ingen klagar etter dette. / Barnet som han tok ifrå meg / gjer at ingen død kan nå meg. / Toleg freista han meg fram / med mitt dyre offerlam / til eg stansa her og fann meg, / og eg gav meg, og han vann meg. / Takk for at du var her, Brand, / hjalp meg å velja rett, / såg eit mål eg no har sett. / Du var hard, men sterk og sann. / Å, eg såg din hjartekval. / No har du det store val, / det som lyser klart og kaldt. / Vel no: inkje eller alt! (Ibsen 1973: 203-204)

2015: Ja, til visse, sigra no. / Sigra over død og grav! / No står *du* i valets dal; / over *deg* no vekta fall, / av ditt *inkje*, eller *alt!* (Ibsen 2015: 113)

I originalen takkar Agnes for at Brand har leda ho trufast fram til denne innsikta, og i Endreson si gjendikting seier ho til og med at Brand har hjelpt ho med å velje rett, og at han har vore «hard, men sterk og sann». Til samanlikning seier ikkje Agnes noko om dette i Hoem si gjendikting. Der går ho rett til at ho vil få Brand til å ta eit endeleg val om skjebnen hennar. I Endreson si gjendikting blir Alf kalla for «mitt dyre offerlam», som er ein bibelsk allusjon, noko som tydeleggjer at dette offeret er knytt til Gud og kallet (Hemmer 1972: 56).

Agnes' siste replikkar i fjerde handling gir assosiasjonar til at ho snart kjem til å døy (Buvik 2010: 99). Er det like tydeleg i gjendiktingane? Under følgjer Agnes' tre siste replikkar i originalen og i gjendiktingane:

1866: Takk for alt, – og Takk for dette! / Du har ledet tro den trøtte! / Over mig er Tungheds Taage, – / du vil tro ved Lejet vaage. (...) Endt, og Nattelyset tændt. / Sejren tog min Styrkes Skatt; / jeg er mødig, jeg er matt; / o, men Gud er lett av love! / Brand, Godnatt! (...) Godnatt! / Takk for *alt*. Nu vil jeg sove. (HIS: 381-382)

1973: Takk for alt. Du var så god, / stødde meg – med kraft og ro. / Striden som eg vann har stole / alle krefter. – Eg er matt. / Berre veike glør av bålet – / Røyken kverv – (...) Dagen slutt. Og stjerna brenn. / Å, men Gud er lett å lova. / Brand, god natt! (...) God natt. / Takk for alt. No vil eg sova. (Ibsen 1973: 206-207)

2015: Takk for alt, – og takk for dette! / God natt. / Takk for alt. No vil eg sova. (Ibsen 2015: 114)

Mellom desse replikkane kjem Brand med nokre korte replikkar, både i originalen og i gjendiktinga frå 1973, men i gjendiktinga frå 2015 kjem Agnes siste replikkar i eitt. Dei er òg vesentleg korta ned, og dei gir heller ikkje like tydelege assosiasjonar til dødsleiet slik som ein ser i dei to andre tekstutdraga. Når så både sjølve refleksjonen om at ho er fri og dei siste replikkane har vorte redusert og samanfatta til ein kort replikk, fører det til eit mindre fokus på Agnes, hennar offer og omvending. Kontrasten til gjendiktinga frå 1973, der ein kanskje forsøkte å gjere Agnes til ein meir framstående figur, er stor.

Ein annan stor skilnad her er korleis Brand stiller seg til denne situasjonen. Først forstår han ikkje kva ho talar om, så seier han kva han vil gjere for å unngå å miste ho, før han til slutt seier at han ikkje har noko val. I Hoem si gjendikting har denne dialogen mellom ektefellene vorte korta ned. Det gjer at det ikkje verkar som om Brand her i like stor grad som i originalen prøver å overtyde Agnes om at ho ikkje skal gå frå han. I Endreson er denne

dialogen bevart, men slutten av dialogen skil seg frå originalen. Endreson har blant anna lagt inn ein ny replikk heilt mot slutten som forsterkar inntrykket av at Agnes nærmar seg døden.

Agnes: Takk for alt. Du var så god, / stødde meg – med kraft og ro. / Striden som eg vann har stole / alle krefter. – / Eg er matt. / Berre veike glør av bålet – / Røyken kverv

–

Brand: Å, ikkje skrem.

Agnes: Sit hos meg til mørkret kjem.

Brand: Sov. Ein dag er alt slutt. Ein venn – / aldri skal vi sjå han att.

Agnes: Dagen slutt. Og stjerna brenn. / Å, men Gud er lett å lova. / Brand, god natt!
(Ibsen 1973: 206-207)

Denne replikkvekslinga liknar på replikkane frå originalen, men det er òg nokre store skilnader i gjendiktinga. Blant anna finst ikkje replikkane «Å, ikkje skrem» og «Sit hos meg til mørkret kjem» i originalen. Det er òg lagt inn ein ny naturmetafor som kan tyde på at det går mot slutten for Agnes. Livsgnisten hennar held på å sløkkje, det er berre svake glør att i bålet og «Røyken kverv». Dette kan vise attende til hennar tidlegare replikk: «Vel! Du står ved vegskilmerket. / Sløkk det lys som brenn i meg» (Ibsen 1973: 205). Brand har no valt, og dette er konsekvensen av hans val.

3.3 Femte handling³

I slutten av femte handling har folket i bygda har snudd seg mot Brand, og han går åleine oppe i fjella. Brand er med det attende der han var i byrjinga av verket. I den påfølgjande monologen får både bygda og folket gjennomgå, og monologen blir ei avsluttande skildring av hans eige forhold til heimbygda si. Sjølv om det er ei avsluttande skildring, er ho ikkje oppsummerande. Lervik skriv: «I stedet for en oppsummering eller konklusjon der trådene samles, åpner teksten seg mot helt nye sammenhenger» (Lervik 1969: 178). Denne monologen går etter kvart over i ein dialog, der Brand talar med både ukjente stemmar og ein skapning, før han treffer Gerd. Brands siste monolog i stykket er ein lang passasje, og er eit oppgjær med både bygda og folket som bur der.

Utdraget frå denne handlinga har litt same tendens som dei tidlegare tekstutdraga. Gjendiktinga frå 2015 er kortare enn originalen, medan gjendiktinga frå 1973 har fleire endringar, både språkleg og kva gjeld rekkjefølgje. Båe gjendiktingane har endra på den siste monologen, men dei har båe i stor grad vidareført dei trokeiske versa som scena opphavelg

³ Sjå s. 85. Vedlegg: Utdrag frå femte handling.

er skrive i. Endreson har gjendikta store delar av monologen, samt gjort om nokre av replikkane til både koret og «Skapningen» til ein del av Brands monolog. I Hoem si gjendikting har monologen vorte redusert til dei siste replikkane før koret kjem inn. Heile oppgjeret med bygda manglar i denne gjendiktinga, og ein går her rett til Brands «avsluttende sjelekamp» (Buvik 2010: 101).

3.3.1 «De usynliges kor» og «Skikkelsen»

Å samanlikne replikkar gjer at ein kan få fram nokre konkrete og tydelege skilnader, som endringar i ordval og setningsoppbygging. Om ein går inn i verket på eit litt meir teknisk nivå, kan ein sjå og løfte fram fleire skilnader, som ulikskapar i rim og metrikk. Leif Mæhle skreiv i 1955 ei avhandling om Ibsens rimteknikk, der hans formål var å sjå «korleis Ibsen rimar, korleis han meistrar denne stilistiske reiskapen» og «kva stilistiske verknader han får fram gjennom riminga si» (Mæhle 1955: 16). Han skriv at verselinjene ikkje er ordna i faste og avslutta strofeformer i fleire av versedramaa, noko som gjer at ein kan vere mykje meir fri med variasjon i rimskjemaet (Mæhle 1955: 43). Ein slik variasjon i rimskjemaet kan ein sjå døme på i både *Kjærlighedens Komædie* (1862) og *Brand*:

Her merkar vi ei stendig skifting mellom ymse rimflettingar; parrim er aldri bruka lenge før det blir avløyst av kryssrim, kiastiske rim skiftar med kryssrim att o.s.b Dei ulike rimkoplingane smyg seg inn i kvarandre, rår grunnen ei lita stund, og så er vi inne i ei ny rimfletting att før vi veit ordet av det. (Mæhle 1955: 45)

Døma han nyttar frå *Brand* for å grunngje dette, er frå byrjinga av første og andre handling, og dei har ein slik variasjon i rimskjemaet (Mæhle 1955: 45). Likevel vil eg argumentere for at det finst stader i *Brand* der ein kan finne døme på noko som liknar på eit fast rimskjema, sjølv om det er snakk om ein kort passasje. Det er når Brand høyrer stemmane frå «De usynliges kor». Koret har berre tre replikkar, men dei følgjer eit fast mønster, og difor kjem eg til å omtale desse som strofer.

Etter den lange monologen, byrjar Brand å tvile på sine egne erfaringar og tolkinga av desse erfaringane (Lervik 1969: 179). Det er her Brand først høyrer «De usynliges kor», eller «Kor av usynlege», som dei blir kalla i gjendiktinga frå 2015. I Endreson si gjendikting har desse replikkane vorte til ein del av Brands monolog. Ein likskap mellom dei to gjendiktingane er at baa har kuttat ned på replikkane som koret kjem med. Endreson har kuttat koret heilt, men har lagt inn ei gjendikting av den første replikken deira i Brands eigen

monolog. Hoem har kutta ut den andre av korets tre strofer, og Brands egne replikkar mellom desse strofene er kutta ut, slik at deira replikkar kjem i eitt.

I originalen seier koret fire vers tre gonger. Desse følgjer eit fast mønster, noko som er grunnen til at ein kan kalle akkurat dette for strofer. Det faste mønsteret er trokeisk firetakar med kryssrim (aBaB) (Lervik 1969: 180-181). Brands replikkar mellom desse strofene følgjer ikkje noko fast mønster. Det einaste som er likt i Brands replikkar i denne sekvensen, er at alle versa har trykklett utgang, men elles varierer dei i både lengde og rimmønster. Det faste mønsteret i korets strofer har vorte vidareført i Hoem si gjendikting. Brands replikk bryt med dette mønsteret på same måte som i originalen. I Endreson si gjendikting er koret kutta ut, men replikkane har heller vorte ein del av Brands monolog. Per Buvik (2010) tolkar koret «som en mot-røst i ham selv» (Buvik 2010: 101), og at Brand slik innser si eiga synd. Endreson gjorde desse replikkane til ein del av Brands monolog, og det verkar difor som om han tolka det på ein liknande måte. Det blir tydeleg at det er Brand sjølv som kjem til denne forståinga. Desse replikkane har vorte gjendikta til følgjande:

Aldri, aldri blir du lik han.
Gjer hans gjerning, eller svik han –
Likefullt – du får kje fred.
Tok han ikkje alt eg åtte,
sette meg til det eg måtte,
let meg sjå og let meg skapa –
berre for å la meg tapa? (Ibsen 1973: 307)

Første del er relativt lik originalen, berre at han er korta ned til tre vers. Andre vers frå originalen har vorte kutta, noko som gjer at dei tre første versa i denne gjendiktinga får rimmønsteret aaB. Sjølv om dei er ulike, kan ein kjenne att element frå korets siste strofe i originalen i dei fire påfølgjande versa. Ibsen skreiv «Aldrig, Drømmer, blir du lig ham, / Arv og Odel har du tabt; / alt dit Offer gjør ej rig ham; – / for dit Jordliv er du skabt!» (HIS: 460). Endreson har gjendikta det om til noko litt anna, men det krinsar framleis rundt både offer og skaping. Sjølv om det ikkje er heilt det same, verkar det som Endreson har tatt utgangspunkt i den siste av korets strofer her. Dei fire siste versa i denne replikken har alle fått trykklett utgang, ikkje annankvar trykklett og -tung utgang, som i originalen. Den trykklette utgangen derimot vorte vidareført i Hoem si gjendikting av korets replikkar, der baa dei gjendikta strofene har rimmønsteret aBaB. Kanskje var det for Endreson viktigare å få fram meininga bak desse replikkane, og at det ikkje var like mykje fokus på å vidareføre det versetekniske ved desse replikkane. Det versetekniske har kanskje vorte prioritert i større grad i Hoem si

gjendikting akkurat i desse replikkane.

Etter dialogen med koret, kjem «Skikkelsen» fram for han. Det er Agnes sin skikkelse. Denne rollefiguren er kutta frå Endreson si gjendikting, og dialogen mellom «Skikkelsen» og Brand har vorte gjort om til ein del av, eller ei forlenging av, Brands monolog. I Hoem si gjendikting finst denne «Skapnaden», og dei har ein dialog slik som i originalen. Denne skikkelsen vil prøve å få Brand til å gå bort frå læresetninga si om «inkje eller alt» (Buvik 2010: 102). I Endreson si gjendikting er det Brand sjølv som seier dette, saman med resten av replikkane som eigentleg er skikkelsen sine. Slik blir det Brand sjølv som kjem til ei slags innsikt om dette kravet om «inkje eller alt». Han verkar brått ikkje så hard på eigne krav likevel, men stiller heller meir spørsmål ved dei og kva slags følgjer dei har hatt for han:

1973: Men kanhende – Kan det vera / kravet «inkje eller alt»? / Stryk dei orda vekk frå sinnet, / og du vaknar rik her inne! / Nei! Eg veit eg ikkje vil. / Fekk eg leva ein gong til / ville eg ha gjort det same / akkurat på same måte. / Å, uløyselege gåte! / Var det for meg sjølv eg streid? / Var det for meg sjølv eg leid? / Kallet – var det berre sverdet / som eg greip til for å verje / eigne skuggar, eigne verde, / for å kunne slå og herje, / hemne tapet av eit land / som eg aldri, aldri fann? / Veit ikkje. Eg gir visst opp. (Ibsen 1972: 308)

Brand står her fram som ein større tvilar enn det han gjer i både originalen og i Hoem si gjendikting. I originalen seier Brand «Ej for egen Løn jeg lider; / Ej for egen Sejr jeg strider» (HIS: 466). Han framhevar at han ikkje har gjort det for seg sjølv, men for eit større gode. I Endreson si gjendikting stiller Brand heller eit spørsmål ved det heile: «Var det for meg sjølv eg streid? / Var det for meg sjølv eg leid?» Det er kanskje ein effekt av å gjere det om frå ein dialog til ein monolog, men konsekvensen av det er likevel at Brand er meir nølande her enn i originalen og i Hoem si gjendikting. Ein annan grunn til at han her verkar meir tvilande, er at det er Brand sjølv som kjem til denne innsikta, og ikkje noko som skjer gjennom dialogen med skikkelsen. Buvik (2010) les heile denne scena, både dialogen med koret og «Skikkelsen», som noko som berre skjer i Brands hovud, og at det er «i realiteten hans dom over seg selv vi her er vitne til» (Buvik 2010: 104). Ved å la Brand seie alt dette sjølv, legg Endreson opp til ei slik fortolking av denne scena.

Store delar av denne dialogen har vorte gjendikta nærast direkte til nynorsk av Hoem, men noko har vorte kutta. Den største skilnaden kjem mot slutten. For etter at «Skapnaden» seier «Blodig rive av meg garnet? / Meg med offersvepet slå / inntil døden?», svarar Brand «Ja, eg må. / For eg går ein stor manns bod» (Ibsen 2015: 150). I originalen er ikkje den siste delen med akkurat her, men det er ein kjent replikk i *Brand*, som eigentleg kjem frå

opningsscena. Og i opningsscena i gjendiktinga frå 2015 er òg den påfølgjande replikken med: «Hugs at han med flammeriset / mannen dreiv frå paradiset! / Veggen dit har evig stengsel» (Ibsen 2015: 151). Når båe desse replikkane er med i både opnings- og sluttscena, dannar det ein slags sirkelkomposisjon. Så medan Brand i Endreson si gjendikting kanskje er meir nølande akkurat her, visar Brand i Hoem si gjendikting at han framleis held fast sitt prosjekt, og at han har gjort det heilt frå starten av.

3.3.2 Gerd og Kristus-identifikasjon

Mot slutten av verket treffer Brand Gerd att, og ho ser at han haltar og blør frå tinningen. I den påfølgjande dialogen blir Brand skildra som Kristus av Gerd. Det er ikkje berre ei samanlikning, Gerd identifiserer Brand direkte med Jesus (Buvik 2010: 105). Kontrasten mellom korleis Gerd ser Brand, og korleis han ser seg sjølv, er stor (Lervik 1969: 191). Ho trekk fram både såret i hendene hans, blodet i panna og at han er den som skal frelse dei alle, medan han sjølv meiner at han er «(...) ringest Kryb i Muldet» (HIS: 471). Båe gjendiktingane har vidareført denne samanlikninga, men på ulike måtar. Enkelt sagt kan ein seie at det i 1973 var lengre og meir fri gjendikting, men samstundes meir tydeleg i samanlikninga. I 2015 var det nærast direkte skrive om til nynorsk, og samstundes litt korta ned. Det er mindre metaforisk og meir direkte i Endreson si gjendikting, for der seier Gerd «(...) i håret / blod frå tornekronesåret. / Det er du som var på krossen!» (Ibsen 1973: 312), medan ho i Hoem si gjendikting seier «(...) bitt etter ei tornetanna [sic] / hogd så vilt og kvasst i panna. / Deg har korssets tre jo bore!» (Ibsen 2015: 153). Hoem si gjendikting er med det ganske lik originalen. Noko anna som gjer at samanlikninga med Kristus blir særleg tydeleg i Endreson si gjendikting, er at Gerd seier til Brand at «Du stod opp den tredje dag. / Du er utvald, du er størst» (Ibsen 1973: 313). I originalen står det ikkje noko om den tredje dagen. Før «du er udvalgt; du er størst» (HIS: 471) er det ei gjentakning av at han har naglehol i hendene. Denne gjentakninga er sløyfa i gjendiktinga frå 2015.

Etter denne Kristus-identifikasjonen innser Brand kor dei står, og han brest i gråt. Måten både han og Gerd skildrar dette på, er gjennom bruk av metaforar som får fram overgangen frå kulde til varme og frå død til liv. Dette viser, ifølgje Kittang, korleis livet og kjærleiken kan sigre over døden og kravet (Kittang 2002: 74). Denne bruken av metaforar kan ein òg finne att i gjendiktingane:

1973: Gerd: Mann, kva er det? Græt du no? / Ja, du græt så frosne tårer / renn som blod i varme årer, / græt så varmt at isen i meg / tiner – som ei fonn må gi seg; / varmt,

så kyrkjetaket brånar, / breens kvite gravlin grånar. / Jøkulpresten misser kapp / så ho sildirar ned langs trappa. / Kvifor gret du ikkje før?

Brand: Lova er ei frosen bør – / livslang veg – så tung å bera. / Endeleg – han let ho gå. / Til i dag det galdt å vera / tavle Gud kan skrive på. / Frå i dag skal livsens dikt / vera meg, og varmt og rikt. / Skalet rivnar – eg kan sjå / himlen bakom lov og plikt. / Eg kan gråte. Eg kan be. (Ibsen 1973: 315-316)

2015: Gerd: Kva er det? Sjå, no græt du, / varmt, så det på kinnet ryk, / varmt, så breens grav-lin stryk / dryppande frå topp og tinde, / varmt, så isen i mitt minne / løyest opp i gråt her inne – / Mann, kvifor gret du aldri før? / No er frelestimen nær / dersom berre sølvet bit! / Eg har råka! Sjå han fell! / Høyr no skrik han, så det gjallar! / Sjå, kor han blir stor og kvit, / og rullar ende hit! / Å, eg vil'kje lenger grue / han er kvit jo, som ei due! (Ibsen 2015: 156-157)

I gjendiktinga frå 2015 har noko av koplinga til naturen vorte gjendikta, men Gerd går kjapt vidare, og ein får ikkje reflektert noko nærare over kva dette tyder. Brand kjem heller ikkje med noko svar. Ein får ikkje høyre korleis han sjølv skildrar dette, eller om det har gått noko inn på han på same måte som i originalen og i Endreson si gjendikting. Lervik skriv at Gerd gjennom denne replikken byggjer opp mot Brands erkjennande replikk (Lervik 1969: 193). Buvik meiner at Brand i denne replikken går bort frå den strenge fasen i trua si (Buvik 2010: 108). I Hoem si gjendiktinga finst ikkje denne erkjennande replikken. I Endreson si gjendikting kan ein derimot sjå korleis Brand ser på verknaden av denne gråten, ikkje berre kva Gerd seier om dette. Replikken blir erkjennande ved at han seier at han no «kan sjå / himlen bakom lov og plikt. / Eg kan gråte. Eg kan be». Endreson har òg vidareført den metaforiske kontrasten mellom «tavle» og «livsens dikt», som bae er religiøse skriftmetaforar (Kittang 2002: 72). Vidare gjer tårane her at «kyrkjetaket brånar», ikkje berre at dei ryk på kinnet. Det religiøse blir dermed framheva her, i motsetnad til den nyare gjendiktinga.

Det neste som skjer i gjendiktinga frå 2015, er Brands avsluttande replikkar. Ein finn ikkje noko som liknar på «Ja, hver Slægtens Søn tilldøde / dømmes maa for Slægtens Brøde!» (HIS: 473), som det står i originalen. Kittang meiner at denne replikken viser til arveskulda alle, ifølgje kristen tru, ber på (Kittang 2002: 75), og Lervik meiner at denne replikken er ei godtaking av døden (Lervik 1969: 199). Ho skriv at det òg kan vere snakk om ei meir snever tyding av slekt, som Brands eigen familie, ikkje nødvendigvis den kristne slekta. Uavhengig av kva for slekt han siktar til, er døden er ein endeleg dom, og det som rettferdigge døden er at det er ei arva skuld (Lervik 1969: 200). I Endreson si gjendikting seier Brand «Dom til døden! Alle må / døy for ættesviket» (Ibsen 1973: 316). Ordet «Ættesviket» kan, på same måte som «Slægten», vise til både den kristne ætta og Brands nære familie. Denne replikken finst som nemnd ikkje i gjendiktinga frå 2015, og med det har ein fjerna ein allusjon til

Bibelen og den kristne trua. Det blir heller ikkje ei godtaking av døden på same måte som i originalen og gjendiktinga frå 1973.

3.3.3 «Han er deus caritatis!»

Ifølgje Kittang er det sluttscena i *Brand* «som har gitt støyten til dei største tolkingsstridande» (Kittang 2002: 66) om verket. Ein får ikkje eit eintydig svar på kva som skjer med Brand etter dei siste replikkane. Snøskredet kjem mot dei, og Brand seier opp og ut: «Svar mig Gud, i Dødens Slug; – / gjælder ej et Frelsens Fnug / Mandeviljens quantum satis –?!» og får svar av «En røst»: «Han er deus caritatis!» (HIS: 474). Brand spør her om det ikkje har vore nok å tru (Buvik 2010: 109), og får til svar at Gud er miskunnsam. Desse replikkane opnar opp for fleire spørsmål og måtar å tolke slutten på. Blir Brand frelst? Eller går han under? Gir gjendiktingane eit meir tydeleg svar på desse spørsmåla?

Det første ein legg merke til i Endreson si gjendikting, er at spørsmålet om «Mandeviljens quantum satis» manglar. Replikken har ikkje vorte kutta, men flytta. Han har lagt han inn tidlegare i dialogen med Gerd, like etter der dei i originalen har kome til iskyrkja.

1973: Nei! Eg er på galen veg. / Å, kor lenge skal eg hike / mot det varme, mjuke, milde, / mot ei sommarkyrkjestille, / fredens inderlege rike. / Jesus, eg har ropa på deg. / Skal eg aldri, aldri nå deg? / Gud! Eg gjorde det eg vann. / Tel det kje det minste grunn / manneviljens quantum satis? (Ibsen 1973: 315)

Her kjem denne replikken mykje tidlegare enn det som står i originalen, samt at det har vorte lagt fram på ein annan måte. Brand følgjer opp med dette etter at han allereie har kalla på Gud og har stilt eit liknande religiøst og eksistensielt spørsmål. Slik sett er ikkje replikken heilt malplassert, men fungerer ganske annleis enn i Ibsens versjon. Sidan denne replikken har vorte flytta, blir slutten ganske annleis enn i originalen. I manuskriptet står det at gjendiktinga frå 1973 sluttar med Gerd's siste replikk, og at det er Brand sjølv som seier «Deus. Deus Caritatis» (Ibsen 1973: 317). Kvifor svarar Brand dette til det siste Gerd seier? Ibsen skreiv at det var «En røst» som uttalte desse orda, så det er ikkje nærare spesifisert kven det skal vere, men kvifor er det Brand som sjølv fortel om den miskunnsame Gud?

Teatermeldingar frå samtida kan seie oss noko om resepsjonen av verket, og i visse tilfelle kan det òg fungere som ei kjelde til korleis sjølv framføringa var. Teatermeldingane frå denne oppsetjinga fortel òg at Endreson enda opp med å gjere enno større endringar mot slutten enn det som kjem fram gjennom manuskriptet:

Hans krav på alt blir virkelig til slutt intet. Desperat roper refseren i siste akt på sin frelser, han har ikke hatt bruk for ham før. Men i denne forestillingen får han ikke noe svar fra himmelens deus caritatis. Barmhjertighetens gud tier! (Odd-Stein Anderssen i *Aftenposten*, 19.02.73, s. 36)

Ubegripelig var det derfor at Endreson i sin for øvrig fremragende oversettelse som ofte gjør Ibsens tekst mer aktuell og nærgående, hadde sløffet både Brands store sluttspørsmål om manneviljens fulle mål ikke betyr et fnugg for frelsen, og dessuten svaret fra oven: «Han er deus caritatis» – disse ord om kjærlighetens Gud som tydelig har en dobbelt bunn. (Magnhild Aalen i *Vårt land*, 19.02.73, s. 19)

Slutningsorda ovanfra, «Han er deus caritatis», i det skreda tek Brand, har av somme vorte tolka som fellande dom over Brand, at han, i motsetning til Gud, vanta miskunn og menneskekjærleik. Av andre at Gud vil syne Brand sin miskunn og frelse han. Bjørn Endreson har sløyfa desse orda, dristig nok. I denne framsyninga kan det absolutt forsvarast, det verkar riktig. No har vi fått Brand og alt det «brandske» presentert og belyst frå fleire sider, no kan vi ta standpunkt sjølve, vi treng ikkje denne tvetydige peikefingren, han ville berre vera forvirrande. (Jo Ørjasæter i *Nationen*, 19.02.73, s. 5)

Dette tyder på at Endreson valde å kutte den siste replikken fullstendig frå oppsetjinga.

Manuskriptet gir framleis ein peikepinn for korleis Endreson i utgangspunktet tenkte at det skulle slutte. Brand får ikkje her noko svar på spørsmålet sitt, og han og Gerd ser berre på at raset kjem mot dei.

Hoem si gjendikting skil seg òg frå originalen mot slutten, men på ein annan måte enn den førre gjendiktinga. Brands siste replikk i denne oppsetjinga var «Svar meg Gud, i dødens stund! / Eg bygde alt på viljens grunn. / Gjekk eg vill, eg må forstå det?», og her får han svar av «Røyster», som seier: «Gud er kjærleik, Gud er nåde» (Ibsen 2015: 157). Det latinske er med andre ord kutta, og både desse replikkane har vorte gjendikta til nynorsk. Kittang skriv at ei mogleg forklaring til at denne replikken i originalen er markert med både spørsmålsteikn og utropsteikn kan vere at «orda *skal* tolkast i fleire retningar samstundes, og at vi difor ikkje har lov til å sjå bort frå at Brands spørsmål også kan vere eit *retorisk* spørsmål» (Kittang 2002: 75). I baa gjendiktingane har utropsteiknet vorte fjerna, noko som gjer at det er tydeleg at det er eit spørsmål, retorisk eller ikkje. Dette fører så til at ein får færre måtar å tolke denne replikken på. Baa gjendiktingane har sine egne løysingar av slutten. I 1973 vart det slutten kommentert i opptil fleire av teatermeldingane, der ein kunne sjå døme på at folk stilte spørsmål til denne endringa, medan andre meinte at ei slik endring fungerte. Replikken vart kutta i Endreson si oppsetjing og skrive om til nynorsk i Hoem si gjendikting, noko som gjer at dei baa skil seg frå originalen.

For å tolke sluttreplikkane er det kanskje ikkje nok å tenkje reint tekstanalytisk.

Andersen (1997) skriv at ein vanskeleg kan seie at det finst ei klar tolking av *Brand*. Lesarane si etiske haldning spelar inn på korleis ein les og tolkar slutten (Andersen 1997: 138). Kittang (2002) meiner at sluttscena dannar ein knute, men ikkje naudsynt ein tragisk knute. Det er avhengig av korleis den enkelte oppfattar kva som er det tragiske (Kittang 2002: 76). Som lesar kan ein ha ei tolking som går mot det ein kanskje får sjå på teaterscena. Publikum kan òg gjere seg opp ei meining etter å ha sett ei oppsetjing av eit verk, men regissør eller andre medverkande i oppsetjinga kan allereie ha gjort nokre grep som legg føringar for korleis ein skal tolke verket, eller i det minste denne oppsetjinga av det. Hyldig (2010) har skrivt om ulike oppsetjingar av *Brand* i Noreg, og har skrivt om Endreson si løysing på sluttreplikkane:

Det kan synes som om regien ikke har villet gitt uttrykk for noen egentlig teksttolkning men har villet la teksten «i seg selv» tale til publikum. Men uansett hvor diskret en teaterregissør er i sin teksttolkning, vil enhver teatral iscenesettelse av en tekst eksponere bevisste eller ubevisste tolkninger. (...) Muligens kan man utlese en eksistensiell tolkning av oppsetningen. En tolkning som nedtonte de religiøse aspekter av teksten, til fordel for det humanistiske, utlagt gjennom den poetisk-stiliserte formen. Måten stykkes sluttreplikker var behandlet på vitner om dette. Den siste replikken, «Han er deus caritatis» (...) synes å ha vært problematisk for den eksistensialistiske forståelsen. (Hyldig 2010: 53)

Ved å fjerne den siste replikken kunne publikum sjølv tolke kva som skjedde med Brand, samstundes som at Endreson allereie hadde lagt opp til ei tolking ved å endre på slutten. Publikum måtte her ta «standpunkt sjølv», som Ørjasæter skreiv i si teatermelding, nettopp slik Andersen tolkar den siste replikken (Andersen 1997: 138). Desse tolkingane, umedvitne eller medvitne, som ein regissør gjer, er med på å legge føringar for korleis publikum oppfattar både hovudpersonen og verket. Både det å fjerne replikkar, legge til ulike element, forsterke visse trekk, endre på rekkjefølgje og liknande, er med på å avgjere korleis det heilskapelege inntrykket av ei oppsetjing blir.

4 Oppsummerande analyse

I det føregåande kapittelet har eg lagt fram nokre konkrete skilnader mellom dei to gjendiktingane, og korleis dei skil seg frå originalen. I dette kapittelet vil eg sjå nærare på meir overordna skilnader, og sjå dei i eit større bilete. Kva er summen av dei ulike endringane, og kva slags effekt får dei?

Utdraga frå dei forskjellige scenene har vist at dette er to ulike gjendiktingar, som både har sine egne særpreg. Det er heller ikkje rart: Det er to ulike personar som har stått bak kvar si gjendikting, og dei er representantar for ulike generasjonar. Både språket og samfunnet har utvikla seg frå byrjinga av 1970-talet og til midten av 2010-talet. Bassnett (2014) skriv at «a translation is the physical trace of just one individual's reading of a text, which, as we have seen, can be clearly discerned if we compare translations by different people of the same text» (Bassnett 2014: 177). Akkurat dette ser ein tydeleg i samanlikninga av desse to gjendiktingane. Dei har fokusert på ulike element i arbeidet med å dikte dette om til nynorsk, og resultatet blir difor to ulike gjendiktingar, som har kvar sine særpreg. Josek (2006) skriv at alle endringar får konsekvensar for korleis vi tolkar ei omsetjing, sidan eit versedrama i utgangspunktet består av så mange ulike aspekt, blant anna både det poetiske og dramatiske ved verket (Josek 2006: 84). Dei ulike endringane viser at *Brand* er eit levande verk, som gjennom omsetjing og oppsetjing kan få verknad på korleis vi les verket (Bjørkøy og Dingstad 2017: 167).

Desse gjendiktingane blir slik ei *rewriting* av *Brand* (Bassnett 2014: 179). Både Endreson og Hoem har måtte vore kreative i sitt arbeid for å skrive originalen om til nynorsk, som til dømes å legge til ord for å få det til å gå opp med metrikken, samstundes som dei måtte passe på at det vart korrekt syntaks i nynorsk. Gjendiktingane er det endelege resultatet av Endreson og Hoem si tolking av den originale teksten, etter ein kreativ prosess med lesing og omskriving (Bassnett 2014: 106). Desse gjendiktingane er òg adaptasjonar av *Brand*. Både Endreson og Hoem har transformert originalen, hypoteksten, noko som gjer dei til hypertekstar. Dei har både kutta og lagt til tekst, og framheva visse element frå originalen. Alle dei ulike avgjerdene har konsekvensar for tolkinga, og dei får innverknad på dei to hypertekstane (Stam 2000: 68). Blant anna var kutta i Hoem si gjendikting kommentert på følgjande måte i ei teatermelding:

Bang Hansen har skore kraftig i manus, men utan å sløye for mye [sic] av innhaldet. Det har ført til at ein god del blir ganske uforståeleg om ein ikkje har lese teksten eller

sett tidlegare produksjonar. Det kjem stadig nye generasjonar teaterpublikum, og det skal ikkje vere naudsynt å ha masse bakgrunnskunnskap for å forstå handlinga, spesielt ikkje i eit så narrativt drama som «Brand». (Grimstad 2015: 24)

Dei ulike kutta kunne difor føre til ei mindre forståing av handlinga. Til samanlikning vart det store fokuset på teksten i 1973 òg kommentert i ei teatermelding. Aud Thagaard skreiv i Dagbladet at denne oppsetjinga var «en meget poetisk forestilling», men «også noe udramatisk med lite vekt lagt på konfliktene i Brands sinn» (Thagaard 1973: 14). Eit større fokus på sjølve teksten resulterte difor i ei noko mindre forståing av visse aspekt ved karakteren Brand. Slike endringar som dette er likevel med på å halde det originale verket i live (Hutcheon og O'Flynn 2013: 176).

Overordna sett kan ein sjå at Endreson kanskje har vore meir fri i si gjendikting i dei ulike utdraga frå første handling. Det er ikkje alltid like tydeleg kor dei ulike setningane og endringane kjem frå, og ein kan heller ikkje vite kvifor han har valt å skrive dei om til noko ganske annleis. I fleire av utdraga har Endreson vidareført metrikken frå originalen i stor grad, medan det ikkje bestandig er like tydeleg i Hoem si gjendikting. Det er truleg ein effekt av dei ulike kutta som har vore gjort. Det gjer at ein ikkje får eit like heilskapleg bilete av det metriske på same måte som i originalen og Endreson si gjendikting. Dei ulike kutta i Hoem si gjendikting er òg noko av det som står tydeleg fram i utdraga frå første handling.

Det som står mest tydeleg fram frå utdraga i fjerde handling, er at Endreson si gjendikting er vesentleg lengre enn Hoem si gjendikting, og i nokre passasjer er ho faktisk lengre enn originalen. Skilnaden på karakteren Agnes er òg stor i desse scenene. I 1973 har nokre av replikkane hennar vorte lengre, medan fleire av replikkane hennar i 2015 har vorte anten korta ned eller kutta heilt. Særleg i sluttscena av fjerde handling får desse kutta den konsekvensen at det ikkje verkar som om Agnes sjølv kjem til noko erkjenning om kvifor ho er fri. Ho reduserast litt som rollefigur, og da er kontrasten til 1973 stor, der Agnes hadde fått meir plass (Hyldig 2010: 53). Agnes var like ved eller bak Brand gjennom heile førestillinga (Ørjasæter 1988: 141). Utdraget frå femte handling viser nok ein gong at Hoem si gjendikting er vesentleg kortare. Likevel er det Endreson si gjendikting som skil seg mest frå originalen her, sidan han har lagt replikkane frå både koret og skikkelsen over i Brands eigen monolog, samt endra noko på rekkefølga av replikkane. Både har eigne løysingar av sluttreplikken, noko som får konsekvensar for korleis ein tolkar slutten.

Dei ulike utdraga viser korleis fleire av scenene i desse gjendiktingane skil seg frå kvarandre, både overordna og på ord- og setningsnivå. Dei viser korleis skilnadene er mellom

desse gjendiktingane, men òg korleis dei skil seg frå originalen. Kva blir summen av dei ulike endringane, og kva slags effekt har endringane? Og kva slags skilnader og endringar kan ein sjå utover det overordna?

4.1 Språklege endringar

Innanfor omsetjingsteori har det dei seinare åra vore eit større fokus på korleis ein kan sjå at originalen er til stades i den nye versjonen, ikkje berre på å samanlikne omsetjing med original, og basert på det seie om ho er god eller dårleg (Bassnett 2014: 3). *Brand* frå 1866 er til stades i både desse gjendiktingane, men på ulike måtar. Medan det kan sjå ut til at Endreson har hatt meininga og budskapet i fokus, ikkje alltid dei opphavelige orda og rima, kan det verke som at Hoem si gjendikting har fokusert mest på orda og sjølv forma. Det ser ut til at Hoem har hatt eit større fokus på å skrive om dramaet i ei ny målform, ikkje gjendikte så fritt rundt det originale verket. Dei har hatt ulike «oversetterprosjekt» (Refsum 2003: 35). Både desse gjendiktingane er ei *interlingual* omsetjing, sidan originalverket har vorte gjendikta frå eit skriftspråk og til eit anna skriftspråk – frå eit språkleg system og til eit anna. Det er òg ei form for *intralingual* omsetjing, sidan denne gjendiktinga skjer innanfor same språk (Jakobson 1992: 145), og fordi dei har vorte tilpassa og revidert for desse sceniske produksjonane (Bassnett 2014: 7). Både desse kategoriane kan difor brukast til å forklare dette arbeidet med å gjendikte *Brand*.

Endreson sitt resultat er meir *sense-for-sense-translation*, medan Hoem sitt resultat ber litt meir preg av å vere *word-for-word-translation*. Desse gjendiktingane blir på sett og vis representantar for kvar sin tradisjon. Både desse omsetjingsformene kan ha negative konsekvensar: Medan *word-for-word-translation* kan føre til at teksten blir uforståeleg, kan *sense-for-sense-translation* gjere teksten meir upresis, sjølv om omsetjaren har fått meir fridom med dette arbeidet (Bassnett 2014: 5). Ei slik *word-for-word-translation* kan vere noko av det same som det Inga Stina Ewbank (1976) kallar for *literal translation*. Med det meiner ho ei omsetjing som skal spegle leksikalske, syntaktiske og rytmiske kvalitetar ved originalen (Ewbank 1976: 46). Det har kanskje Hoem oppnådd i større grad enn Endreson, særleg dei leksikalske og syntaktiske kvalitetane, da han ofte har lagt seg tett opp mot det semantiske frå originalen. Samstundes viser Endreson sitt arbeid at ei gjendikting kan vere ganske ulik originalen på eit semantisk nivå, men framleis ha bevart både metrikk og meining (Greenall 2015: 40). Det kan dermed tyde på at dei både har funne eit overordna system for

språket i sine gjendiktingar (Ewbank 1976: 46). Ewbank framhevar vidare at eit av problema med å omsetje eller gjendikte Ibsen er å kunne få fram meininga bak orda, ikkje berre den leksikalske meininga av orda (Ewbank 1976: 48). Endreson var regissør for oppsetjinga i 1973, og med det kunne han gjendikte verket på den måten som skulle framheve det som var hans visjon. Hoem, som elles ikkje var involvert i produksjonen, har fokusert på sjølve språket, medan Bang-Hansen valde kva som skulle framhevast og kuttast i sitt vidare arbeid med gjendiktinga.

Som ein kan lese i utdraget frå sluttscena, hadde Endreson stroke dei kjende sluttreplikkane. Hyldig (2010) har skrive at dette var «bemerkelesverdige i lyset av den tekstrofasthet [sic] som ellers preget oppsetningen» (Hyldig 2010: 53). Endreson hadde vore trufast mot opphavsteksten ved at han ikkje hadde kutta så mykje av den originale teksten, men samstundes har dei ulike utdraga vist at han gjorde andre store endringar. Endreson hadde endra på orda i fleire replikkar, flytta litt om på nokre replikkar, lagt til ord og vendingar, og lagt replikkar frå ein rolle over i ein annan rolle. Det at Hyldig da kommenterer at denne gjendiktinga var prega av truskap mot originalen, kan kanskje fortelje oss at så lenge visjonen og tanken er bevart i ei gjendikting, kan ein få kjensla av at ein er tru mot originalen. I sluttscena frå 2015 er det ikkje lenger ein latinsk replikk, sidan han har vorte gjendikta til nynorsk. Ei slik endring kan gjere at vi ser verket på ein ny måte, men akkurat dette fører ikkje nødvendigvis til ei ny innsikt. For mange vart kanskje denne replikken noko meir tydeleg, språkleg sett, sidan han no vart uttalt på norsk. Men ei slik endring gjer ikkje nødvendigvis at ein får ei betre forståing av kva som skjer med Brand etter dette.

Om ein berre fokuserer på kva som går tapt som ei følge av omsetjing, fører det til mindre merksemd på kva litteraturen kan vinne på slike omsetjingar (Bassnett 2014: 174). Omsetjing er «an unending process that endows a text with new life and new meanings» (Bassnett 2014: 64). I ei teatermelding i 2015 vart det kommentert at denne gjendiktinga var «ordrik og åpnende» (Nystøyl 2015), og i ei teatermelding i 1973 vart det skrive noko liknande, men meir utfyllande:

Brand på nynorsk? Mangt kan seinast for og imot. Men i alle fall dette for – for meg er det viktig: Når vi får den velkjende teksten, særleg desse Ibsen-fyndorda vi er oppvaksne med, presentert med ein ny språkleg vri, da tek vi ikkje imot så passivt, vi må tenkje over kva som ligg i orda. (...) resultatet kling godt, verkar fullt overtydande. (Ørjasæter 1973: 5)

Desse teatermeldingane er med på å understreke at ei gjendikting kan sørge for ei ny forståing

for den originale teksten, sidan ein no får høyre det på ein annan måte enn tidlegare. Gjennom omsetjingar, produksjonar, nye lesingar og adaptasjonar får det originale nytt liv, og meininga blir skapt på nytt (Bjørkøy og Dingstad 2017: 166).

4.2 Naturmetaforane

Ein finn mange døme på korleis ulike naturelement blir brukt som metaforar i *Brand*. Desse metaforane blir brukt på fleire ulike måtar, og har ulik tyding gjennom heile verket (Strand 2010: 192). Ewbank (1976) meiner at det finst to hovudproblem i arbeidet med å skulle omsetje Ibsen:

The first of these is the range of his style in a play like *Borkman*: the tendency to leap from the everyday to the visionary, from literal statement to metaphor. The second is the tendency for his 'neutral', apparently flat and colourless style to be, on examination, packed with meaning – often, indeed, to represent the tip of an iceberg of unspoken meanings. (Ewbank 1976: 50)

Noko av det som er mest vanskeleg med omsetjing av Ibsens drama, er nettopp alt det usagte som ligg mellom linjene. Dei ulike utdraga frå dei ulike scenene viser at naturmetaforane i stor grad har vorte redusert i gjendiktinga frå 2015. I opningssena er dialogen med bonden redusert til eit minimum, og dei naturmetaforane som pregar denne samtalen har vorte kutta. Desse metaforane har òg vorte redusert i dialogen med Agnes frå fjerde handling, der Brands sorg blir knytt opp til naturen. I slutten av femte handling har derimot naturmetaforane vorte vidareført i stor grad. Summen av desse endringane gjer at naturen får ein mindre plass i gjendiktinga frå 2015 enn frå 1973. Endreson har greidd å få med fleire av desse naturmetaforane i si gjendikting, noko som kan tyde på at det er dei ulike kutta som gjer at desse metaforane ikkje har fått like mykje merksemd i Hoem si gjendikting. Nokre av naturmetaforane kom likevel fram i 2015, men på ein annan måte enn gjennom sjølve teksten. Dei vart heller løfta fram som eit scenisk element.

Strand (2010) etterlyser eit større fokus på naturen i *Brand*, men skriv at «et sterkere fokus på naturen som scenisk, dramatisk og signifikant ramme er imidlertid ikke blitt fulgt, hverken av teaterregissører eller i Ibsen-forskningen» (Strand 2010: 192-193). Han opnar her opp for at naturen kan brukast som eit scenisk element i større grad enn det vorte gjort tidlegare. Fleire av teatermeldingane frå 2015 skreiv om scenografien i denne oppsetjinga, og framheva korleis både lys og kulisser var med på å framheve naturen i verket. I ei

teatermelding frå NRK, skreiv Karen Frøsland Nystøyl at «Scenografien, inspirert av Jan Groths sceneteppa, understreker splittelsen i Brand, samtidig som den forsterker naturelementene. (...) Streken skaper et hardt, spisst, kantete og kaldt miljø, slik fundamentalisten Brand kan oppfatte» (Nystøyl 2015). Mode Steinkjer hadde ei liknande melding i *Dagsavisen*:

Scenograf John-Kristian Alsakers slående visuelle bruk av Jan Groths sceneteppa på Det Norske Teatret gir rammen for hele stykket. Groths lysende flerr over det svarte overføres til scenografien, og danner i oppsetningen svarte og knugende fjell- og naturformasjoner, isbreer og piskende vestlandsvær. Dette trekker også symbolsk opp de kantete, skarpe grensene som Brand setter opp for seg selv. Kantene er skarpe som glasskår. (Steinkjer 2015: 20)

Desse teatermeldingane kan tyde på at det var eit fokus på å løfte fram naturmetaforane, men at det vart gjort gjennom scenografien, ikkje gjennom dei ulike replikkane. Oppsetjinga i 1973 hadde eit enkelt utforma scenerom. Endreson uttalte sjølv i eit intervju i *Morgenbladet* før premieren at «I denne oppsetningen blir det ingen store skyer, isbreer eller brevandringar. «Brand» er mer dikt enn teaterstykke, og kulissene lages av personene selv» (9. februar 1973, s. 1). Jo Ørjasæter (1988) skriv at scenografien i denne oppsetjinga var «(...) eit ståande arrangement av tunge, kantete blokkar som bakgrunn og ramme for dei talande. Og berre dei hadde fullt lys på seg» (Ørjasæter 1988: 140). Denne oppsetjinga var hovudsakeleg ein «musikalsk gjennomkomponert resitasjon av teksten» (Hyldig 2010: 52). Her fekk det tekstlege mykje meir plass. Ein trengte ikkje store kulisser og mange rekvisittar for å framheve det indre i ein rollefigur, for det skulle kome fram gjennom denne resitasjonen av teksten. Teatermeldingane kan slik fortelje oss noko meir om adaptasjonane utover det reint tekstlege, og dermed gjere at vi kan sjå dei i ein litt større kontekst enn om ein berre ser på gjendiktingane. Ei tettare kopling mellom omsetjing- og adaptasjonsteori, som Greenall og Løfaldli (2019) argumenterer for, kan difor vere fruktbart. Om ein ikkje ser dei ulike endringane i gjendiktinga opp mot andre aspekt ved teaterførestillinga, kan ein få ei mindre forståinga av adaptasjonen som heilskap.

Slik blir dei to oppsetjingane ganske ulike. Sjølv om dei visuelt sett kanskje hadde nokre likskapar med sine mørke scenerom, spelte denne utforminga ulike roller i desse oppsetjingane. I den eine skulle denne scenografien framheve det indre i rollefigurane, medan i den andre skulle scenografien framheve det uttalte. Likevel er det tydeleg at naturen har vorte underspelt i sjølve gjendiktinga frå 2015, sjølv om det kanskje vart tydeleggjort på ein annan måte. Konsekvensane av desse endringane blir blant anna at koplinga mellom Brand og

naturen ikkje blir like tydeleg som ho kunne ha vore, både når det gjeld sorg og kall. Brands kall og store prosjekt blir ikkje tydeleggjort, noko som får tolkingsmessige konsekvensar. For kva er det da eigentleg Brand vil og kjempar for?

4.3 Ordet

Den idémessige ramma for *Brand* er kristendomen (Buvik 2010: 110), og religion er eit sentralt aspekt i verket, men det er ikkje nødvendigvis eit religiøst drama (Andersen 1997: 78). Forskingstradisjonen har vore delte i synet på *Brand*, særleg med tanke på sluttreplikken. Dette speglar dei indre motsetjingane i verket. Det er ein stor friksjon i *Brand*, både tematisk og tekstleg, og særleg stor er friksjonen mellom perspektiv som det etiske og det religiøse, og det allmenne og absolutte (Andersen 1997: 77-78). Friksjonen gjer at ulike scener kan vere noko tvitydige, alt etter kva ein vel å fokusere på i framføringa (Andersen 1997: 111). Denne friksjonen gjer òg at ein kan få ulike innfallsvinklar til kva som kjem til å vere mest sentralt i ei oppsetjing av *Brand*.

Bjørn Endreson «(...) hadde satsa fullt på *Brand* som idédrama, alt stod og fall med ordet» (Ørjasæter 1988: 140), og Hyldig meiner at ein kanskje kan «(...) utlese en eksistensiell tolkning av oppsetningen. En tolkning som nedtonte de religiøse aspekter av teksten, til fordel for det humanistiske, utlagt gjennom den poetisk-stiliserte formen» (Hyldig 2010: 53). Dømet han nyttar for å grunngje dette, er kva Endreson valde å gjere med den siste replikken. Det er godt mogleg at det er på grunn av ei eksistensialistisk forståing at sluttreplikken har vorte stroke, men samstundes har Endreson likevel valt å gjendikte andre religiøse element og allusjonar. Han har til og med nokre gonger forsterka koplinga til det religiøse, til dømes ved å kalle «de Trolde tre» for «treeininga». Josek (2006) skriv at det kan vere allusjonar og referansar frå originalen som ikkje nødvendigvis gir like mykje meining når ein skal omsetje eit verk, og da kan ein erstatte desse med andre liknande omgrep og referansar frå same kategori (Josek 2006: 87). Kanskje er det det Endreson har tenkt her, men resultatet blir likevel ei tydeleggjering av koplinga til religion. Og det er nettopp på grunnlag av desse døma eg meiner at det er vanskeleg å skulle seie at dei religiøse aspekta har vorte tona ned i denne gjendiktinga. Det eksistensielle var eit viktig aspekt i denne førestillinga, men det vart ikkje gjort på kostnad av dei religiøse aspekta.

Regissør Kjetil Bang-Hansen og hovudrolleinnehavar Svein Tindberg hadde samarbeida i fleire produksjonar lenge før 2015. Felles for fleire at desse produksjonane er at

dei har hatt religion i fokus. I ein bakgrunnsartikkel for denne oppsetjinga, hadde dramaturg Carl Morten Amundsen intervjuar dei om den komande produksjonen. Der sa Bang-Hansen noko om tankane bak dette religiøse fokuset på teaterscena: «Vi har vel følt at *ordet* har fått mindre plass i teatret, og vi har kjent eit ansvar for ordet (...). Og så har vi vore opptatt av erkjenningsdramaet eller tankedramaet. Vi har søkt noko som har rørt oss personleg.» (Amundsen 2015). Det stod òg om dette samarbeidet og tankane bak det heile i programheftet frå førestillinga:

Det var nok nærlesinga av ulike tekstar, både med religiøse og andre eksistensielle tema, som førte skodespelaren Svein Tindberg og instruktøren Kjetil Bang-Hansen saman til eit årelangt samarbeid og vennskap på og utafør scenen. Dei har begge uttrykt ei redsle for at teatret skal bevege seg bort frå ordet, og har saman leita etter stoff i det overskridande framhaldet av ordet, det kunstnarlege kraftfeltet rundt ordet, søkt mot det religiøse og mystiske om ein vil. (Bø 2015: 17)

Dei har med det uttalt at det religiøse aspektet ved *Brand* var viktig for dei og sjølve visjonen i denne oppsetjinga. Likevel viser fleire av utdraga at fleire av dei religiøse aspekta er tona ned i denne gjendiktinga. Eit døme på det er Brands siste replikk, kor han i denne gjendiktinga seier «Svar meg Gud, i dødens stund. Eg bygde alt på viljens grunn. / Gjekk eg vill, eg må forstå det?» (Ibsen 2015: 157). Lervik meiner at Brand på slutten «(...) spør etter – eller ber om – frelsens mulighet» (Lervik 1969: 200). Her er spørsmålet om det ikkje er nok med «Mandevilens quantum satis» (HIS: 474) byta ut med eit anna spørsmål. Brand spør ikkje her om eller etter frelse, men det er meir eit spørsmål om hans tidlegare liv og lære, og om han har gjort feil tidlegare i livet.

Vidare viser særleg utdraga frå første handling at det religiøse har fått mindre merksemd i denne gjendiktinga. Dialogen om religion og gudssyn mellom Brand og bonden er kutta, og koplinga mellom naturen og Brands kall har vorte tona ned. Denne koplinga kjem kanskje fram gjennom scenografien, men ikkje gjennom gjendiktinga. Ein får heller ikkje høyre nokon oppsummerande tale etter dei tre møta i første handling, der Brand presenterer sitt prosjekt. Erik Bjerck Hagen (2009) meiner at «Brand ikke kan fungere i henhold til egne ambisjoner om han ikke også fungerer i første akt, om han ikke allerede *setter seg selv* på en måte som er fundamentalt medrivende og inspirerende» (Hagen 2009: 45). Ein må få eit klart og tydeleg bilete av kven Brand er og kva hans prosjekt allereie er frå starten av, og det gjer ein ikkje nødvendigvis i gjendiktinga frå 2015. Frode Helland (2015) tek opp nettopp dette i si

teatermelding i *Norsk Shakespeare- og teatertidsskrift*. Han meiner at ordet fekk for mykje plass i denne oppsetjinga, og at det ikkje var nok intensitet.

For at ordet skal virke i teatret må det bæres av en nesten fysisk intensitet. I Brands tilfelle må han kunne ta oss med storm; hva enten han framstilles som positiv eller negativ karakter, må han overvelde sitt publikum på scenen og i salen. I denne versjonen gjorde han ikke det (...). Snarere ligger problemet i hvordan oppsetningen er snevret inn til å bli en individuell og inderlig problemstilling omkring gudstroen og dens mulige konsekvenser for individets liv. (Helland 2015: 86)

Ein vart, ifølgje Helland, ikkje meddriven av denne Brand. Kanskje er noko av grunnen til det at ein ikkje fekk så tydeleg bilete av kva som var hans ambisjonar frå starten av. I tillegg er det kanskje vanskeleg å *sette* denne rollefiguren i det 21. hundreåret. Både tida og konteksten har forandra seg sidan 1866, og dette absolutte prinsippet er ikkje eit ideal på same måte som tidlegare. Tid, sjølv berre korte periodar av tid, kan gjere at ein tekst kan endre kontekst og meining, sjølv om ein framleis er i same land og kultur (Hutcheon og O'Flynn 2013: 144). Greenall og Løfaldli (2019) er inne på det same: «Cultural recontextualization may also involve the invocation of an entirely new context in the meaning-generating process, even when the actual cultural context represented remains the same» (Greenall og Løfaldli 2019: 248-249). Så sjølv om kanskje gjendiktinga gjer at det kan vere vanskeleg å *sette* rollefiguren, vart det kanskje enno vanskelegare sidan ein lever i ei anna tid no enn da Ibsen skreiv dette dramaet. Og kanskje særleg sidan dette absolutte prinsippet har fått negative konnotasjonar dei seinare åra.

Eit dystert bakteppe følgde oppsetjinga i 2015, som hadde premiere berre to dagar etter terrorangrepet på det franske satiremagasinet *Charlie Hebdo*. Dette angrepet vart utført av religiøse fundamentalistar, som gjorde at fleire skreiv at stykket hadde fått ein fornya aktualitet. I *Vårt land* kunne ein lese at «(...) Kjetil Bang-Hansens stykke nå er svært aktuelt, i lys av terrorangrepet i Paris» (Bjørndal 2015: 32). Fleire skreiv at Brand var ein fundamentalist, og dei fleste skreiv òg noko om terroren i Paris. Men i ei teatermelding stod det òg om at denne aktualiteten i verket er tidlaus:

I en renskåret og trasig oppsetning på Det Norske Teatret, blir presten Brands blindhet for ofrene rundt seg en skremmende påminnelse om den religiøse overbevisningens kraft. (...) Også denne utgaven av «Brand» farges av en klangbunn som viser den tidløse aktualiteten i Ibsens temavalg. Akkurat nå er terroren i Paris naturlig nok det mest påfallende aproposet, men de absoluttene Brand søker i sine idealer er evig gjenkjennelig rundt oss i smått som i stort, i lokalt som i internasjonalt. (Steinkjer 2015: 20)

Dei fleste teatermeldingane frå 1973 nemnde ikkje religion i særleg stor grad, og dermed vart det heller ikkje skrive noko om religiøs fundamentalisme. Det kan tyde på at denne førestillinga faktisk var meir retta mot det eksistensielle i dramaet, slik som Hyldig (2010) skriv, eller at det var annleis å *sette* ein rollefigur som Brand på 1970-talet enn det er på 2010-talet. Eit verk blir fortolka i kontekst, og slike referanserammer forandrar seg over tid (Hutcheon og O’Flynn 2013: 148), og både adaptasjon og resepsjon blir påverka av konteksten. Hutcheon og O’Flynn skriv at: «The context of reception, however, is just as important as the context of creation when it comes to adapting. (...) Contemporary events or dominant images condition our perception as well as interpretation» (Hutcheon og O’Flynn 2013: 149), noko desse ulike oppsetjingane av *Brand* kan vitne om.

Ordet var sentralt for båe desse oppsetjingane. Dette fokuset på ordet vart løyst og gjennomført på ulike måtar, noko som blant anna handlar om at dei har hatt ulike «oversetterprosjekt» og visjonar for si gjendikting av *Brand*. Dei har lese og erfart det dramatiske diktet (Bassnett 2015: 157), og så valt kva dei ville fokusere på i si gjendikting. Sjølve verket blir påverka av omgjevnadane, og måten ein nærar seg eit verk på over tid, endrar seg (Bassnett 2015: 158). Dette gjer at ein tekst er høgst levande, og at han kan få ny mening, både gjennom omsetjing og adaptasjon.

5 Konklusjon og avslutning

Formålet med denne oppgåva har vore å undersøke to nynorske gjendiktingar av *Brand*, sjå kor store skilnader det er mellom desse to, og kva effekten av dei ulike skilnadene er. Dei to gjendiktingane har nokre tydelege og konkrete skilnader, både seg i mellom, men og frå originalen. Nokre endringar er store og får tolkingsmessige konsekvensar, men mange av endringane er relativt små. Basert på desse utdraga og analysen av dei, kan ein trekke nokre konklusjonar om dei ulike endringane som har vorte gjort i dei ulike gjendiktingane.

Den mest tydelege endringa i Endreson si gjendikting er endringa av replikkar. Ein kan tydeleg sjå korleis denne gjendiktinga skil seg frå originalen når ein samanliknar enkelte replikkar og passasjar. Nokre stader har han anten lagt til heilt nye replikkar, eller lagt replikkar til andre enn dei dei var skrive for i originalen. Dette gjer at til dømes Einar allereie frå starten av står fram som ein som stiller spørsmål til det Brand seier og gjer. Eit anna døme på ein konsekvens av ei slik endring, er etter at Brand har vorte jaga frå bygda i femte handling. Her har han ikkje nokon dialog med korkje eit usynleg kor eller ein skikkelse, men denne delen har vorte gjort om til ein monolog. Slik reflekterer han sjølv over kva som skjer, ikkje i dialog med nokon andre.

I Hoem si gjendikting er den mest tydelege endringa at ho er korta ned. Dei ulike kutta er med på å påverke både verket og tolkinga av det, og nokre poeng får mindre fokus som ein følgje av desse kutta. Blant anna får ein ikkje her høyre noko særleg om Brands store prosjekt mot slutten av første handling. Det er heller ikkje særleg til refleksjon om møta i første handling, og kva desse tre møta representerer. Brand fortel her om sitt kall, men ikkje noko nærare om kva det går ut på. Naturmetaforane har òg vorte reduserte, men dei har til gjengjeld fått meir fokus gjennom regimessige grep. Likevel får desse endringane tolkingsmessige konsekvensar om ein berre les manuskriptet og samanliknar det med originalen.

Dei ulike endringane kan dermed tyde på at både Endreson og Hoem har hatt kvar sine «oversetterprosjekt» i arbeidet med å gjendikte *Brand* til nynorsk. Overordna kan ein med andre ord seie at gjendiktinga frå 1973 som skil seg mest frå originalen i kraft av å vere ei meir fri gjendikting av *Brand*, og at gjendiktinga frå 2015 skil seg frå originalen meir gjennom mange og store kutt. Desse ulike kutta fører til eit mindre fokus på sentrale poeng, slik som Brands kall, og slike endringar kan føre til ei noko anna forståing av verket. Endreson har derimot nokre stader lagt til fleire element og replikkar, som òg får ulike tolkingsmessige konsekvensar, til dømes at Agnes har vorte løfta fram i visse scener. Kva er

den beste løysinga: å tillate store språklege endringar, men framleis ha same innhald og delvis same bruk av metaforar og språkleg bilete, eller foreta store kutt? Ved å kutte mykje frå teksten mistar ein kanskje både noko av innhaldet og det usagte, men viktige, frå originalen, men ved å foreta store språklege endringar kan ein til slutt kanskje ikkje kjenne att originalen.

Skilnadene mellom original og gjendiktingane er ikkje så store at det er eit argument for at ein ikkje bør halde på med slike gjendiktingar av Ibsens verk, slik nokre kritikarar meinte om den første oppsetjinga. Ein bør heller halde fram med det, sidan omsetjingar kan gjere at ein legg merke til noko ein ikkje har lagt merke til før, sidan ein no får det presentert på ein ny måte enn tidlegare. Det er ikkje i omsetjinga at noko går tapt, men heller i overføringa mellom originaltekst og ein scenisk produksjon, og det kan skje i alle oppsetjingar som ikkje vel å ta med kvar einaste replikk frå originalen. Ei gjendikting av Ibsens versedrama er difor inga umogleg oppgåve, slik nokre kritikarar hevda. Det er båd gjendiktingane gode døme på. Basert på dette kan ein ikkje påstå at desse gjendiktingane er forfalskingar av Ibsens verk, slik som Fredrik Norman hevda i 1973. Dei er heller fornyingar av det originale dramaet. Om ein ikkje hadde kunne skrive om verk av Ibsen til nynorsk, hadde dei ikkje kunne ha vorte spelt på Det Norske Teatret, som eit av få teaterhus i verda. Ved at ein kan spele *Brand* eller andre verk av Ibsen der, kan ein sikre at desse verka stadig blir fornya.

Dei nynorske gjendiktingane har ikkje hatt noko fokus i Ibsen-forskinga tidlegare, men eg vonar at denne oppgåva viser at det er verdt å sjå nærare på dette materialet. *Brand* er berre eitt av fleire drama av Ibsen som har vorte sett opp på Det Norske Teatret, og dei ulike omsetjingane og gjendiktingane som står bak oppsetjingane fortener meir merksemd enn dei har fått så langt.

Litteraturliste

- Amundsen, C. M. (2015). «Bakgrunnsartikkel: Sanningssøkjaren.»
<https://www.detnorsketeatret.no/bakgrunnsartiklar/sanningssokjaren> Lese 10.02.2020
- Andersen, P.T. (1997). *Fra Petter Dass til Jan Kjærstad. Studier i diktekunst og komposisjon*. Oslo: Landslaget for norskundervisning (LNU)/Cappelen Akademisk Forlag as.
- Anderssen, O-S. (1973). «Brand.» I *Aftenposten*, 19. februar 1973. Morgenutgaven. s. 36.
- Bassnett, S. (2014). *Translation*. London og New York: Routledge.
- Bassnett, S. (2015). «The Complexities of Translating Poetry.» I *Ticontre: Teoria Testo Traduzione*, (3). s. 157-168.
- Bjørndal, S. (2015). «Ibsens blikk på ekstremismen.» I *Vårt land*, 9. januar 2015. s. 32-33.
- Bjørkøy, A.M.B. og Dingstad, S. (2017) *Litterære kretsløp. Bidrag til en norsk bokhistorie fra Maurits Hansen til Gunvor Hofmo*. Oslo: Dreyers forlag.
- Bjørneboe, T. (2015). ««Brand» tar ikke fyr.» I *Aftenposten*.
<https://www.aftenposten.no/osloby/byliv/i/0EXw2/brand-tar-ikke-fyr> Lese 13.03.2020
- Buvik, P. (2010). «Brand og viljen.» I E. B. (red.) *Ibsens Brand. Resepsjon – tolkning – kontekst*. Oslo: Vidarforlaget. s. 83-112.
- Bø, O. E. (2015). «På leiting i ordet.» I programhefte til forestillinga *Brand*. Oslo: Det Norske Teatret. s. 17-18.
- Ewbank, I-S. (1976). «Translating Ibsen for the Contemporary English Stage». *Theatre Research International* 2 (1). Cambridge University Press. s. 44-53. doi: 10.1017/S0307883300003424.
- Fidjestøl, A. (2013). *Trass alt. Det Norske Teatret 1913–2013*. Oslo: Samlaget.
- Genette, G. (1997). *Palimpsests. Literature in the Second Degree*. Lincoln og London: University of Nebraska Press.
- Greenall, A. K. (2015). «Translator's voices in Norwegian retranslations of Bob Dylan's songs.» I *Target* 27 (1). s. 40-57. <https://doi-org.ezproxy.uio.no/10.1075/target.27.1.02gre>
- Greenall, A. K. og Løfaldli, E. (2019). «Translation and Adaption as Recontextualization: The Case of *The Snowman*.» I *Adaption*, Volum 12 (3). s. 240-256.
<https://doi.org/10.1093/adaptation/apz002>
- Hagen, E. B. (2009). «"Subjectiv tragisk, objectiv komisk"? – Å lese *Brand* i 2009.» *Edda*, 96(1). s. 35-52.

- Hagen, E. B. (2010). «Innledning.» I Hagen, E. B. (red.) *Ibsens Brand. Resepsjon – tolkning – kontekst*. Oslo: Vidarforlaget. s. 7-10.
- Helland, F. (2015). «Idealisme og problem som nødvendighet.» I *Norsk Shakespeare- og teatertidsskrift* (trykt utg.), 2015 nr. 1. s. 86-87.
- Hemmer, B. (1972). *Brand, Kongs-emnerne, Peer Gynt: en studie i Ibsens romantiske diktning*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Hutcheon, L. og O'Flynn, S. (2013). *A Theory of Adaptation. Second edition*. London: Routledge.
- Hyldig, K. (2010). «Den sceniske *Brand*-resepsjonen i Norge.» I Hagen, E. B. (red.) *Ibsens Brand. Resepsjon – tolkning – kontekst*. Oslo: Vidarforlaget. s. 33-64.
- Ibsen, H. (1866). *Brand*. Henta 12.01.2020 frå Henrik Ibsens skrifter (HIS).
https://www.ibsen.uio.no/DRVIT_Br%7CBrht.xhtml
- Ibsen, H. (1973). *Brand*. Gjendikta av Bjørn Endreson. Oslo: Det Norske Teatret. Upublisert manuskript.
- Ibsen, H. (2015). *Brand*. Gjendikta av Edvard Hoem. Oslo: Det Norske Teatret. Upublisert manuskript.
- Jakobson, R. (1992). «On Linguistic Aspect of Translation.» I Schulte, R. og Biguenet, J. (red.) *Theories of Translation. An Antology of Essays from Dryden to Derrida*. Chicago/London: The University of Chicago Press. s. 144-151.
- Josek, J. (2006). «A Czech Shakespeare?» I Bassnett, S. og Bush, P. (red.) *The Translator as Writer*. London: Continuum. s. 84-94.
- K.B. [Anonym]. (1973). «En umulig oppgave.» I *Morgenbladet* 23. februar 1973, s. 2.
- Kittang, A. (2002). *Ibsens heroisme. Frå Brand til Vi døde vågner*. Oslo: Gyldendal.
- Lervik, Å. H. (1969). *Ibsens versekunst i Brand*. Oslo, Bergen, Trondheim: Universitetsforlaget.
- Lothe, J., Refsum, C., og Solberg, U. (2007). *Litteraturvitenskapelig leksikon*. Oslo: Kunnskapsforlaget.
- Morgenbladet. (1973). ««Brand» på nynorsk?» 9. februar 1973. s. 1.
- Mæhle, L. (1955). *Ibsens rimteknikk*. Oslo: Det Mallingske boktrykkeri.
- Norman, F. (1973). ««Brand» på nynorsk.» I *Aftenposten*, 15. februar 1973. s. 5.
- Nystøyl, K. (2015). «Når idealene skygger for hjertet.» *NRK*. <https://www.nrk.no/kultur/nar-idealene-skygger-for-hjertet-1.12149735> Lese 15.03.2020

- Refsum, C. (2003). «Kommunikasjon og kreativitet i oversettelse.» I Behrens, B., og Christensen, B. (red.) *Oversettelse i teori og praksis* (Vol. Nr. 1, ANLAs skriftserie). Oslo: Novus forlag. s. 33-37.
- Stam, R. (2000). «Beyond Fidelity: The Dialogics of Adaptation.» I Naremore, J. (red.) *Film Adaptation*. New Brunswick, N.J.: Rutgers University Press. s. 54-76.
- Steinkjer, M. (2015). «Mannen uten hjerte.» I *Dagsavisen*, 12. januar 2015. s. 20.
- Strand, A.K. (2010). «Landskap og kall i *Brand*.» I Hagen, E. B. (red.) *Ibsens Brand. Resepsjon – tolkning – kontekst*. Oslo: Vidarforlaget. s. 191-214.
- Thagaard, A. (1973). ««Brand» på Det Norske Teatret: Poesi uten kompromisser.» I *Dagbladet*, 19. februar 1973. s. 14.
- Venuti, L. (2013). *Translation Changes Everything. Theory and Practice*. London og New York: Routledge
- Ørjasæter, J. (1973). «Brand som idé.» I *Nationen*, 19. februar 1973. s. 5.
- Ørjasæter, J. (1988). «Kunstnarleg krønike 1963-1988.» I Mæhle, L. (red) *Det Norske Teatret 75 år. 1963-1988*. Oslo: Samlaget. s. 43-313.
- Aalen, M. (1973). «Brand uten fakter.» I *Vårt land*, 19. februar 1973. s. 19.

Vedlegg: Utdrag frå første handling

1866	1973	2015
<p>Bonden: Hej, Fremmedkarl, far ej saa fort! / Hvor er du?</p> <p>Brand: Her!</p> <p>Bo.: Du gaar dig bort! / Nu tykkner Skodden slig, at knappt / en ser saa langt, som Staven rækker –</p> <p>Sønnen: Faer, her er Spriker!</p> <p>Bo.: Her er Sprækker!</p> <p>Br.: Og hvert et Vejspor har vi tabt.</p> <p>Bo.: Stands, Mand! Guds bittre –! Her er Bræen / Skral som en Skorpe! Tramp ej Sneen!</p> <p>Br.: Jeg hører Duren af en Foss.</p> <p>Bo.: En Bækk har hulet sig indunder; / her er et Dyb, som ingen bunder; – / det sluger baade dig og os!</p> <p>Br.: Frem <i>maa</i> jeg, som jeg før har sagt.</p> <p>Bo.: Det evner ingen Mandemagt, / Kjend; – her er Grunden hul og sprød – / Stands, Mand! Det gjælder Liv og Død!</p> <p>Br.: Jeg <i>maa</i>; jeg gaar en Stormands Bud.</p> <p>Bo.: Hvad heder han?</p> <p>Br.: Han heder Gud.</p>	<p>Bonden: Stans, mann! Den breen her er farleg, / skral som ei skorpe. Fer litt varleg.</p> <p>Brand: Fram må eg, som eg før har sagt.</p> <p>Bo.: Det evnar inga mannemakt. / Sjå, skodda tjuknar. Gi no tål. / Og breen her er full av hol, / dei sluker oss med hår og hud.</p> <p>Br.: Fram må eg nå, så sant eg kan / med ærend frå ein mektig mann.</p> <p>Bo.: Kva heiter han?</p> <p>Br.: Han heiter Gud.</p> <p>Bo.: Og kva er du for noko?</p> <p>Br.: Prest.</p> <p>Bo.: Kan hende det. Men eg veit best / at om du så var bisp og prost, / så ligg du død i snø og frost / før dagen gryr om du held fram / som no på breens hole kam. / Og det er istjørn her omkring, / slike tjørn er stygge ting.</p> <p>Br.: Dei går vi over.</p> <p>Bo.: Vanvett, mann. / Du held nok mindre enn du lover.</p> <p>Br.: Ein har vist før: er trua sann / så kjem nok karen tørrskodd over.</p>	<p>Bonden: Kva skal <i>du</i>?</p> <p>Brand: Fram!</p> <p>Br.: Fram eg <i>må</i>. / Eg går ein stor manns bod.</p> <p>Bo.: Kva heiter han?</p> <p>Br.: Han heiter Gud.</p> <p>Bo.: Hugs at han med flammeriset / mannen dreiv frå paradiset! / Vegen dit har evig stengsel.</p> <p>Br.: Men han opna for vår lengsel.</p> <p>(Ibsen 2015: 3-4)</p>

<p>Bo.: Og hvad er du for noget?</p> <p>Br.: Prest.</p> <p>Bo.: Kanhænde det; men jeg ved bedst, / at om du saa var Provst og Bisp, / saa ligger du i Dødsens Gisp / før Dagen gryr, hvis du vil frem / paa Bræens undergravne Brem. / Hør, Prest; om en er klog og lært, / han kan ej <i>det</i>, som er <i>for</i> svært. / Vend om; vær ej saa strid og stiv! / En har jo kun det ene Liv; – / gaar <i>det</i>, hvad har en saa igjen? / Der er en Mil till næste Grænd, / og Skodden staar saa tykk, at den / kan skjæres med en Tollekniv.</p> <p>Br.: Staar Skodden tykk, en lokkes ej / af Blaalysblink paa Vildsporsvej.</p> <p>Bo.: Men her er Is-Tjern rundt omkring, / og slige Tjern er stygge Ting.</p> <p>Br.: Dem gaar vi over.</p> <p>Bo.: Gaa paa Vand? / Du holder mindre end du lover.</p> <p>Br.: <i>En</i> har dog vist, – er Troen sand, / saa slipper Karlen tørrskod over.</p> <p>Bo.: Ja, før i Tiden; men i vor / han gaar tillbunds med Hud og Haar.</p> <p>Br.: Farvel!</p> <p>Bo.: Du sætter Livet till!</p> <p>Br.: Hvis Heren for min Død har Brug, – / velkommen Flom og Foss og Slug!</p>	<p>Bo.: Ja, før i tida. Men i vår / så går han ned med hud og hår.</p> <p>Br.: Far vel.</p> <p>Bo.: Du vågar livet ditt.</p> <p>Br.: Om Herren trur han treng meg død – / velkommen grav – i ras og snø.</p> <p>Bo.: Nei, han er galen.</p> <p>Sonen: Far –</p> <p>Bo.: Vent litt.</p> <p>Br.: Høyr bondemann, du sa i stad / at dotter di har sendt deg bod / at ho skal døy, men kan kje gå / frå jorda sjelefri og glad / før du har sett ho og gitt råd.</p> <p>Bo.: Gud betre, det er sant og visst.</p> <p>Br.: Og legen gav ein siste frist?</p> <p>Bo.: Ja, til i dag.</p> <p>Br.: Og som du sa / så bur ho nett der eg skal –</p> <p>Bo.: Ja.</p> <p>Br.: Det høver bra. Så går vi. Kom!</p> <p>Bo.: Du veit det går ikkje. Vend om!</p> <p>Br.: Høyr, ville du gi hundre dalar / om dotter di fekk døy i fred?</p> <p>Bo.: Ja, prest.</p> <p>Br.: To hundre?</p>	
--	--	--

<p>Bo.: Nej, han er baade gal og vild!</p> <p>Sønnen: Faer, lad os vende! Der er Tegn / til værre Styggevejr og Regn!</p> <p>Br.: Hør, Bondemand; du sagt før, / at Datter din, som boer ved Fjorden, / har skikket bud, at hun snart dør; / men ej med saligt Haab hun tør; – / hvis ej hun ser dig, – gaa fra Jorden?</p> <p>Bo.: Gud bedre mig saa sandt og visst!</p> <p>Br.: Og till idag hun gav dig Frist?</p> <p>Bo.: Ja.</p> <p>Br.: Ikke længer?</p> <p>Bo.: Nej.</p> <p>Br.: Saa kom!</p> <p>Bo.: Det er ugjærligt Værk! Vend om.</p> <p>Br.: Hør? Gad du hundred Daler give, / ifald hun kunde saligt dø?</p> <p>Bo.: Ja, Prest!</p> <p>Br.: <i>To</i> hundred?</p> <p>Bo.: Hus og Bø / jeg skulde gjerne fra mig skrive, / ifald hun slukne fik i Fred!</p> <p>Br.: Men gad du give <i>Livet</i> med?</p> <p>Bo.: Hæ? Livet? Kjære, vene –!</p> <p>Br.: Naa?</p> <p>Bo.: Nej, men der er da Maade paa –! / I Jesu Navn,</p>	<p>Bo.: Gard og fe / og alt eg eig. Ja, eg betalar.</p> <p>Br.: Men ville du gi livet med?</p> <p>Bo.: Kva? Livet? Kjære vene –</p> <p>Br.: Nå?</p> <p>Bo.: Nei, det får vera måte på. / Hugs borna, eg har stova full, / og kona mi –. For Kristi skuld, / ver varsam med så sterke ord.</p> <p>Br.: Han som du nemnde hadde mor.</p> <p>Bo.: Eg hugsar det. Å, du er hard.</p> <p>Br.: Kjem du?</p> <p>Sonen: Eg frys. No går vi, far.</p> <p>Bo.: No kjem eg, son. Men han skal med.</p> <p>Br.: Skal eg?</p> <p>Bo.: Ja, Heim att alle tre. / For går du vill og frys i hel / i dette Herrens vonde ver / og det vert kjent at eg var her, / da er eg dømt, det veit du vel, / da dreg dei meg til tings ein dag.</p> <p>Br.: Da lir du for Vårherres sak.</p> <p>Bo.: Dei skil meg ikkje, hans og dine. / Eg har så meir enn nok med mine.</p> <p>Sonen: Kom no.</p> <p>Br.: Far vel.</p> <p>Bo.: Å, faen ta deg!</p>	
--	---	--

<p>du faar ej glemme, / at jeg har Barn og Kone hjemme.</p> <p>Br.: Han, som du nævnte, havde Moer.</p> <p>Bo.: Ja, det var længe før ifjor; – / da hændte der saa mangt et Under; / det gaar ej slig till nuomstunder.</p> <p>Br.: Far hjem. / Dit Liv er Dødens Vej. / Du ved ej Gud og Gud ej dig.</p> <p>Bo.: Hu, du er haard!</p> <p>Sønnen: Kom saa aftsted!</p> <p>Bo.: Ja vel; men <i>han</i> skal følge med!</p> <p>Br.: Skal jeg?</p> <p>Bo.: Ja, blir du borte her / i dette Herrens vonde Vejr, / og rygtes, hvad en ej kan dølgje, / at vi gik hjemmefra i Følge, / saa trækkes jeg tillthings en Dag, – / og drukner du i Myr og Tjern, / saa dømmes jeg i Bolt og Jern –</p> <p>Br.: Da lider du for Herrens Sag.</p> <p>Bo.: Mig rager ikke hans og dine; / jeg har alt mer end nok med mine. / Kom saa!</p> <p>Br.: Farvel!</p> <p>Sønnen: Der gaar en Skred! (HIS: 195-201)</p>	<p>Br.: Han tar nok deg – fordi du gav deg. / For siste gong: No går eg ned.</p> <p>Bo.: Til fjorden?</p> <p>Br.: Ja.</p> <p>Bo.: Du finn kje veg.</p> <p>Br.: Din veg er altfor brei for meg.</p> <p>Bo.: Pass deg!</p> <p>Sonen: Å, far!</p> <p>Bo.: Det kjem eit skred! (Ibsen 1973: 5-12)</p>	
<p>Brand: De famler hjem. Du slappe Træl, / sprang i dit Bryst en Viljes Væld, / var ikkun Evnen <i>det</i>, som skorted, / jeg skulde Vejens Møje kortet, / paa dødstrætt</p>	<p>Brand: Du fomlar heim. Du slappe sjel, / sprang det i deg eit viljevell, / og var det berre evnebreist / du leid av, skulle eg som best / ha hjelpt deg på din vonde veg / og</p>	<p>Brand: To tankar fall som gut meg inn / min mage fekk ein latteredvri / Eg tenkte meg ei mørkredd ugle, / ein fisk med vasskrekke. Som eg lo / or sinnet ville eg dei smugle,</p>

<p>Rygg, med Foden saaret, / jeg skulde glad og lett dig baaret; – / men Hjælp er gavnløs for en Mand, / som ikke vil, hvad ej han kan. / Hm; Livet, Livet; det er svært, / hvor Livet er de Godtfolk kjært! / Hver Skrælling lægger slig en Magt / paa Livet, som om Verdens Frelse / al Menneskenes Sjælehelse, / var paa hans skralde Skuldre lagt. / De vil nok offre, – Gudbevares! / Men Livet, Livet, – det maa spares. / To Tanker faldt som Gut mig ind / og voldte Lattervid i Maven, / og skaffed mig et barked Skind, / naar gamle Skolemoer var gnaven. / Jeg tænkte mig en mørkrædd Ugle, / en Fisk med Vandskrækk. Lydt jeg lo; / jeg vilde dem af Mindet smugle, / men de hang i med Tang og Klo. – / Hvad kom det af, det Lattervid? / Jo, af den dunkelt følte Splid / imellem Tingen, som den er, / og Tingen, som den skulde være, – / imellem det, at maatte bære / og finde Byrden altfor svær. – / Fast hver en Landsmand, syg og frisk, / er slig en Ugle, slig en Fisk. / Han skabtes till et Dybets Yrke, / han skulde leve Livets Mørke, – / og det er <i>det</i>, som gjør ham rædd. / Han spræller angst mod Fjærens Bredd, – han skyr sit eget Stjernekammer, / han skriger: Luft og Dagens Flammer! / Hvad var det der? Det lød som Sang. / Ja, det er Sang med Latter blandet. / Hør, – nu et Hurra, nu et andet, – / nu tredje – fjerde – femte Gang! / Der</p>	<p>rådd deg litt og bore deg, / om enn eg sjølv var sjuk og trøtt. / Men hjelp er gagnlaus for ein mann / som ynkar seg og nektar støtt / å vilja det han ikkje kan. / Han vil nok ofre, Gud bevare! / Men livet, livet må han spare. / Da eg var gut – eg minnest no / to bilete: ei mørkredd ugle, / ein fisk med vassskrekk. Og eg lo. / Eg lo dei vekk. Men begge to / kom att og beit seg fast i meg. / Og dei vil ikkje la seg smugle / frå hugen min kvar enn eg dreg. / Kanhende kjem dei frå ein splid / eg kjenner i meg – dim og strid – / imellom tingen som han er / og tingen som han skulde vera, / imellom det å måtte bera / og finne bera altfor svær. / Kvar mann eg kjenner, sjuk og frisk, / er slik ei ugle, slik ein fisk. / Han skulde levd sitt liv på djupet, / i mørkret. / Han er skapt til det. / I staden for å våge stupet, / så skyr han natt og stjernedryss / og søker redd mot land og le / og ligg og skrik på luft og lys. / Der lettat skodda. Sola skin / på breens blå og kvite lin. / Og grøn er vidda. Bjørk og lyng – / dei ler imot meg, ler og syng.</p> <p>(Ibsen 1973: 12-13)</p>	<p>/ men dei hang fast med nebb og klo! / Kva kom han av, den lattervri? / Det var ei aning om ein splid / imellom tingen, slik han er, / og tingen, slik han skulde vera, / i mellom det å skulde bera, / og finne bera altfor svær. / Snart kvar ein landsmann, sjuk og frisk, / er slik ei ugle, slik ein fisk, / Han skulde leva livsens mørker, / men det er <i>det</i> som gjer han redd. / Han skyr sitt eige stjernekammer, / han skrik på luft og dagens flamar!</p> <p>(Ibsen 2015: 4)</p>
--	--	--

<p>rinder solen. Skodden letter. / Derborte staar det glade Lag / i Morgenskjær paa Højderyggen; / vestover Vidden kastes Skyggen; / de skifter Ord og Nævetag. (HIS: 202-204) (...)</p>		
